

Nr. 45

RAPPORT

Lars Jørgen Vik
Johann Roppen

UNG PÅ SUNNMØRE 2013



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

| | |
|--------------|---|
| Forfattar | Lars Jørgen Vik og Johann Roppen |
| Utgjevar | Høgskulen i Volda |
| År | 2014 |
| Serie | Rapport |
| ISBN | 978-82-7661-311-7 (digital utgåve) |
| ISSN | 1891-5981 |
| Sats | Forfattar |
| Distribusjon | http://www.hivolda.no/rapport |

Ung på Sunnmøre 2013

Ei undersøking om livsstil og levekår mellom ungdomsskuleelevar i Volda, Ørsta, Vanylven, Sande, Giske og Hareid.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk..

Rapport / Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda

Vitskaplege og andre faglege arbeid på høgare nivå enn notat. Både forfattar og institusjon er fagleg ansvarlege for publikasjonen. Arbeida kan vere rapportar frå prosjekt/oppdragsverksemd eller reint teoretiske arbeid av eit visst omfang. Rapportane må vere godt gjennomarbeidde med omsyn til innhald, struktur og språk og innehalde referansar. Rapportane skal vere godkjende av anten dekan eller prosjektleiar eller annan fagperson dei har utpeika og FoU-leiar ved HVO.

INNHALD

| | |
|---|-----------|
| Innhald | 2 |
| Liste over figurar | 4 |
| Liste over tabellar | 7 |
| 1. BAKGRUNN FOR prosjektet | 8 |
| Del 1. | 13 |
| 2. Presentasjon av materialet grunnmodulen i Ungdata | 13 |
| 2.1 Datagrunnlaget | 13 |
| Oppsummering | 14 |
| 2.2 Livet på skulen | 15 |
| Oppsummering | 18 |
| 2.3 Forholdet til foreldre og vener | 19 |
| Oppsummering | 26 |
| 2.4 Tvilsam åtferd | 27 |
| Oppsummering | 30 |
| 2.5 Fritid | 31 |
| Oppsummering | 39 |
| 2.6 Nærmiljøet | 41 |
| Oppsummering | 42 |
| 2.7 Røyking, snusing, rusmidlar | 43 |
| Oppsummering | 47 |
| 2.8 Nære relasjonar | 49 |
| Oppsummering | 49 |
| 2.9 Psykisk helse | 50 |
| Oppsummering | 52 |
| 2.10 Matvanar og fysisk aktivitet | 53 |
| Oppsummering | 55 |
| 2.11 Lekser og annan aktivitet | 56 |
| Oppsummering | 57 |
| 2.12 Framtid og notid | 58 |

| | |
|---|-----------|
| Oppsummering..... | 61 |
| Del 2 | 62 |
| 3. Presentasjon av materialet frå «Møre og Romsdal pakken» | 62 |
| 3.1 Foreldras utdanning | 62 |
| Oppsummering..... | 63 |
| 3.2 Trening, idrett og friluftsliv | 64 |
| Oppsummering..... | 71 |
| 3.3 Skulevegen | 72 |
| Oppsummering..... | 73 |
| 3.4 Tenner og tannhelse | 74 |
| Oppsummering..... | 74 |
| 3.5 Kultur og kulturtilbod | 75 |
| Oppsummering..... | 77 |

LISTE OVER FIGURAR

| | |
|--|----|
| Figur 1 "Trivst du på skulen?" etter kommune. prosentvis andel som svara "Ja, svært godt"..... | 15 |
| Figur 2: "Trivst du på skulen?" etter klasstrinn. Prosentvis andel som svara "Ja, svært godt"..... | 15 |
| Figur 3 "Alt i alt, kor nøgd er du med dei karakterane du fekk?" Etter kommune. Prosentvis andel som svara "Særs nøgd". | 16 |
| Figur 4 "Alt i alt, kor nøgd er du med dei karakterane du fekk?" Etter klassenivå. Prosentvis andel som svara "Særs nøgd". | 16 |
| Figur 5 "Har du gjort eller opplevd noko av dette det siste året?" Ein eller fleire gonger. Prosentvis fordeling..... | 17 |
| Figur 6 "Har du gjort eller opplevd noko av dette det siste året?" Ein eller fleire gonger. Etter klasstrinn. prosentvis fordeling. | 18 |
| Figur 7 "Har du avtalte tider du må vere heime om kvelden?" prosentvis andel som svara "Ja eg har alltid avtaler om når eg skal kome heim." Etter kommune..... | 20 |
| Figur 8 "Har du avtalte tider du må vere heime om kvelden?" prosent-vis andel som svara "Ja eg har alltid avtaler om når eg skal kome heim." Etter klasstrinn.... | 21 |
| Figur 9 "Får du lov til å drikke alkohol av foreldra dine?" prosentvis andel som svara "nei". Etter kommune..... | 21 |
| Figur 10 "Får du lov til å drikke alkohol av foreldra dine?" Prosentvis andel som svara "nei". Etter klasstrinn. | 22 |
| Figur 11 "Har familien din hatt god eller dårleg råd/økonomi dei siste to åra?" Etter kommune. Prosentvis andel som svara "Vi har hatt god råd heile tida". | 23 |
| Figur 12 "Har familien din hatt god eller dårleg råd/økonomi dei siste to åra?" Etter klassenivå. Prosentvis andel som svara "Vi har hatt god råd heile tida". | 23 |
| Figur 13 "Har du minst ein ven som du kan stole fullstendig på og kan tru deg til om alt?" prosentvis andel som svara "Ja, heilt sikkert." | 24 |
| Figur 14 Kva som gir status. Prosentvis andel som svara "Aukar statusen mykje" + "Aukar statusen litt". | 25 |
| Figur 15 Kor mange gonger har du vore med på dette det siste året? prosentvis andel. Batteri 1..... | 27 |
| Figur 16 Påverka av rus. Etter klasstrinn. prosent..... | 28 |

| | |
|---|----|
| Figur 17 Kor mange gonger har du vore med på dette det siste året? prosentvis andel. Batteri 2..... | 29 |
| Figur 18 Medlemsskap i foreining? prosent..... | 31 |
| Figur 19 Deltaking på aktivitet i regi av idrettslag. Prosentvis andel som deltok 3 eller fleire gonger siste månad. | 32 |
| Figur 20 Aktivitet i regi av idrettslag. Prosentvis fordeling | 32 |
| Figur 21 Deltaking på aktivitet i regi av fritidsklubb/ungdomshus. Prosentvis andel som deltok 1 eller fleire gonger siste månad. Etter kommune. | 33 |
| Figur 22 Deltaking på aktivitet i regi av religiøs foreining. Prosentvis andel som deltok 1 eller fleire gonger siste månad. Etter kommune..... | 33 |
| Figur 23 Deltaking i organisert musikalsk aktivitet. Prosentvis andel som deltok ein eller fleire gonger siste månad. Etter kommune. | 34 |
| Figur 24 Deltaking på kulturskule/-musikkskuleaktivitetar. Prosentvis andel som deltok 1 eller fleire gonger siste månad. Etter kommune..... | 34 |
| Figur 25 Deltaking på arrangement i regi av andre organisasjonar, lag eller foreiningar. Prosentvis andel som deltok 1 eller fleire gonger siste månad. | 35 |
| Figur 26 Antal bøker i heimen. Prosentvis andel som hadde meir enn 100 bøker. Etter kommune. | 36 |
| Figur 27 "Kor mange bøker har du lese siste månad?" prosentvis fordeling som har lese minst ei bok etter kommune. | 36 |
| Figur 28 "Kor mange bøker har du lese siste månad?" prosentvis fordeling som har lese minst ei bok etter klasstrinn..... | 37 |
| Figur 29 Fritidsaktivitet, batteri 1. Prosentvis fordeling. | 37 |
| Figur 30 Fritidsaktivitet, batteri 2. Prosentvis fordeling. | 39 |
| Figur 31 Kunne du tenkje deg at dine born vaks opp her? prosentvis andel ja-svar. Etter kommune..... | 41 |
| Figur 32 Kunne du tenkje deg at dine born vaks opp her? prosentvis andel ja-svar. Etter klasstrinn. | 42 |
| Figur 33 Tobakksforbruk. Prosentvis etter klasstrinn..... | 43 |
| Figur 34 Bruk av alkohol. Prosentvis andel som svara at dei aldri drikk alkohol. Etter kommune. | 43 |
| Figur 35 Bruk av alkohol. Prosentvis andel som svara at dei aldri drikk alkohol. Etter klasstrinn. | 44 |
| Figur 36 Berusa i løpet av det siste halvåret? prosentvis andel som svara ja..... | 44 |

| | |
|---|----|
| Figur 37 prosentvis andel som har vore ruspåverka siste 6 månader. Etter klassetrinn..... | 45 |
| Figur 38 Fråhaldsprosent for mor, far og nære vener. Etter klassenivå..... | 46 |
| Figur 39 Skaffe deg cannabis i løpet av to til tre dagar? prosentvis andel ja-svar. Etter kommune. | 47 |
| Figur 40 Skaffe deg cannabis i løpet av to til tre dagar? prosentvis andel ja-svar. Etter klassetrinn..... | 47 |
| Figur 41 Kven ville du søkje hjelp frå. Prosentvis andel som svara "Ja, sikkert" | 49 |
| Figur 42 Psykisk helse og uhelse. Prosentvis fordeling etter klassetrinn. | 51 |
| Figur 43 Psykisk helse og uhelse. Prosentvis fordeling etter kjønn. | 52 |
| Figur 44 Kor ofte trenar du. Prosentvis fordeling. | 55 |
| Figur 45 Tid brukt til leksearbeid. Prosentvis fordeling. | 56 |
| Figur 46 Prosentvis andel som brukte ein time eller meir til leksearbeid etter klassetrinn..... | 56 |
| Figur 47 Kor mange born får du? Etter kjønn. Prosentvise andelar. | 59 |
| Figur 48 Syn på ulike sider ved livet. Etter kjønn. Prosentvis andel..... | 60 |
| Figur 49 Syn på ulike sider av livet. Etter klassetrinn. Prosentvis fordeling. | 61 |
| Figur 50 Fars og mors utdanning. Prosentvis fordeling. | 62 |
| Figur 51 Mors og fars høgaste utdanning. Etter kommune. Prosentvis fordeling..... | 63 |
| Figur 52 Aktiv form for trening? prosentvis fordeling. | 64 |
| Figur 53 Prosentvis andel som angir fotball som viktigaste idrett. Etter kommune. | 69 |
| Figur 54 Skulevegen. Prosentvis framstilling..... | 72 |
| Figur 55 Tid brukt på skulevegen. Prosentvis fordeling. | 73 |
| Figur 56 Bruk av tantråd. Prosentvis andel som svara "1 gong pr. dag eller meir"..... | 74 |
| Figur 57 Bruk av kulturtilbod. Prosentvis andel som har nytta tilbodet minst ein gong. Etter kommune..... | 75 |
| Figur 58 Kulturell aktivitet siste år. Prosentvis fordeling. Etter kommune..... | 76 |
| Figur 59 Vurdering av kulturtilbod. Prosentvis andel som svara "Heilt samd"..... | 77 |

LISTE OVER TABELLAR

| | |
|--|----|
| Tabell 1 Innhald i tilsende datafilar..... | 13 |
| Tabell 2 Fordeling på kjønn, prosent..... | 14 |
| Tabell 3 Prosentvis fordeling på klasstrinn og kjønn..... | 14 |
| Tabell 4 Forholdet til foreldre. Prosentvis andel som har svara "Høver særst godt" etter kommune. | 19 |
| Tabell 5 Forholdet til foreldre. Prosentvis andel som har svara "Høver særst godt" etter klassenivå. | 20 |
| Tabell 6 "Har du i løpet av dei siste 12 månadane blitt utsett for noko av det som fylgjer?" prosentvis andel som svara "ein eller fleire gonger"..... | 30 |
| Tabell 7 Psykisk helse. Prosentvis fordeling. | 50 |
| Tabell 8 Matvanar. Prosentvis fordeling. | 53 |
| Tabell 9 Kor ofte trenar du. Prosentvis fordeling. | 54 |
| Tabell 10 Tankar om framtida. Prosentvis fordeling. | 58 |
| Tabell 11 Grunn til at du ikkje driv med aktiv trening? prosentvis fordeling for dei som svara "særst viktig"..... | 65 |
| Tabell 12 Grunn til at du ikkje trenar i eit idrettslag? prosentvis fordeling for dei som svara "Særst viktig" og "Litt viktig". Rangert frå høgst til lågast..... | 66 |
| Tabell 13 Deltaking i ulike idrettsaktivitetar. Prosentar. | 67 |
| Tabell 14 Kva idrett har du brukt mest tid på? prosentvis fordeling. | 68 |
| Tabell 15 "Kva idrett har du brukt mest tid på?" Fotball- og handballkarrierer. Prosentvis andel..... | 68 |
| Tabell 16 Kvalitet på idrettslag og treningar. Prosentvis fordeling som svara "Høver svært godt" og "Høver ganske godt". Etter klasstrinn. | 70 |
| Tabell 17 Friluftsliv. Prosentvis fordeling. Etter kommune | 71 |

1. BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Denne rapporten er første presentasjon av data frå eit prosjekt om idrettsliv og folkehelse blant ungdom i Møre og Romsdal, og prosjektet har vorte til i samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sunnmøre Fotballkrets og Kompetansesenter rus Midt-Norge (Korus). Prosjektet er gjennomført i samarbeid med kommunane som har lagt til rette for gjennomføring av undersøkinga.

Bakgrunnen for prosjektet er at dei fire samarbeidande aktørane ut frå ulike utgangspunkt såg behovet for å få sikker informasjon om status og utvikling i idrettslivet i Møre og Romsdal når det gjeld idrettslivets betydning for folkehelse, fråfall av ungdom frå idretten, idrettens betydning i høve til rus – og andre spørsmål som heng saman med dette. Samarbeidet vart formalisert gjennom ein samarbeidsavtale der føremålet vart formulert slik:

Prosjektet har fokus på å kartlegge lokal oppvekst, mellom anna folkehelsa i ungdomsbefolkninga i Møre og Romsdal og faktorar som kan påverke denne. Vidare ønskjer ein å sjå på samanhengen mellom idrett og helse og idretten si betydning for utvikling av gode lokalsamfunn. Det blir og viktig å ha fokus på korleis ein skal lukkast med å få til ei god oppfølging i kommunane og fylkeskommunen gjennom kommunalt plan- og utviklingsarbeid knytt til folkehelse og førebyggjande arbeid overfor ungdom. Eit mål må vere god bruk og vidare analyser av dei data som kjem fram gjennom Ungdata undersøkingane.

Starten på det heile var eit seminar om Idrett og samfunn som Sunnmøre Fotballkrets arrangerte i 2012. Der vart det blant anna vart lagt fram data frå ei ungdomsundersøking på Island som gav indikasjonar på ein sterk og positiv samheng mellom ein proaktiv lokal idrettspolitik og ei klart positiv utvikling hos ungdom i høve til mindre bruk av rusmiddel, betre folkehelse og betre skuleprestasjonar. Dette vart dokumentert gjennom følgjeforskning i regi av det islandske forskingsinstituttet «Icelandic Centre for Social Research and Analysis» (www.rannsoknir.is). Bjørn Oskar Haukeberg og leiinga i Sunnmøre Fotballkrets har kjent til den islandske forskinga lenge og gjennom kontakt med Johann Roppen ved Høgskulen i Volda vart det etablert ein felles visjon om å prøve å få i stande lokal kunnskapsutvikling kring desse tema. Men dette handlar om store og samansette

spørsmål som er kostesame å gjennomføre undersøkingar på. Spørsmålet var så om det var muleg å gjennomføre ein norsk variant av den islandske undersøkinga.

Det ville vere eit prosjekt som kravde samarbeid med fleire tunge aktørar på området, og i løpet av 2012-2013 vart det etablert ei prosjektgruppe der Møre og Romsdal Fylke og Kompetansesenter rus Midt-Norge (Korus). kopla seg på prosjektet. Desse aktørane har begge ei fagleg interesse av å studere samanhengen mellom idrett og folkehelse og idrett som muleg beskyttelsesfaktor for rusproblem og har ikkje minst tilgang til nettverk og ressursar som er heilt sentrale for gjennomføring av eit slikt prosjekt.

Møre og Romsdal fylkeskommune har også eit lovpålegg om å følgje med på utviklinga i folkehelsa i fylket. Fylkestinget i Møre og Romsdal ønskjer også å få gjort undersøkingar omkring samanhengen mellom rus og fråfall i vidaregåande skule.

Det norske forskingsinstituttet NOVA (www.nova.no) har i mange år arbeidd med empiriske opplegg for ungdomsundersøkingar – også i samarbeid med det islandske miljøet til Jon Sigfusson. Særleg relevant i denne samanhengen er at NOVA er fagleg ansvarleg for undersøkinga Ungdata.

Ungdata er eit landsomfattande system for lokale ungdomsundersøkingar som blir omtala slik på eigne nettsider:

Ungdata er et kvalitetssikret system for gjennomføring av lokale spørreskjemaundersøkelser blant elever på ungdomstrinnet og i videregående opplæring. Gjennom kartlegging av den lokale oppvekstsituasjonen er Ungdata godt egnet som grunnlag for kommunalt plan- og utviklingsarbeid knyttet til folkehelse og forebyggende arbeid overfor ungdom.

Meir informasjon om Ungdata kan ein finne på nettsida www.ungdata.no. Ungdataundersøkingane blir gjennomført i samareid mellom NOVA, Kommunesektorens organisasjon (KS) og dei sju regionale kompetansesentra innan rusfeltet, blant dei KoRus Midt-Noreg. Ungdata er på sentralt nivå finansiert av Helsedirektoratet, Barne-, likestillings-, og inkluderingsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet. Alle kommunar i landet får tilbod om å delta i Ungdata-undersøkinga, og dermed vil alle elevar i ungdomsskulen og i vidaregåande skule kunne bli med i Ungdata-opplegget i

løpet av ein 3-5 års periode – avhengig av lokal og regional gjennomføring av prosjektet.

Ungdata-undersøkinga består av ein fast «grunnmodul» av spørsmål som blir stilt til alle som deltek i undersøkinga. Men utover det har Ungdata opning for lokale og regionale «modular» med spørsmål, og det var difor klart at Ungdata kunne høve godt til å skaffe data også om ungdom og idrettsliv.

Gjennom eit fagleg samarbeid i prosjektgruppa, finansiering frå Møre og Romsdal fylkeskommune og innpass i Ungdata har det vorte generert data som kan vere med på å gje svar på spørsmåla som dei samarbeidande aktørane stiller.

Prosjektgruppa utvikla eit sett av spørsmål (Møre og Romsdal pakken) som vart tilpassa Ungdata og deretter presentert som eit tilbod til aktuelle kommunar i Møre og Romsdal for gjennomføring av lokale undersøkingar.

Denne rapporten er dermed den første rapporteringa av resultat frå spørsmåla stilt i Møre og Romsdal pakken samla inn i samband med Ungdata-undersøkinga i Møre og Romsdal i 2013.

Generelt kan det seiast at Ungdata-undersøkinga har sin styrke ved at elevar blir eksponert for spørjeundersøkinga i løpet av ein skuletime. Svarprosenten er dermed rundt 90 prosent, noko som er vanskeleg å oppnå på meir tradisjonelle undersøkingsopplegg. Vidare vert undersøkinga gjennomført ved at elevane får stilt spørsmål og svar ved hjelp datamaskinar – noko som framstår som eit effektivt og «moderne» medium. Tidsramma for undersøkinga er ein skuletime.

Dette prosjektet gjev både meir og anna informasjon om Ungdata enn det som kommunane har fått i det som kan kallast standardrapporteringa frå undersøkinga. I standardrapporteringa får kvar kommune oppgitt resultat for eigen kommune i høve til landsgjennomsnittet. Det varierer i kva grad det er eit godt samanlikningsgrunnlag. I denne rapporten blir kommunane samanlikna med nabokommunar, noko som ofte er eit meir relevant samanlikningsgrunnlag enn landsgjennomsnittet. Vidare gjev denne rapporten resultat for spørsmåla som har vorte særleg utvikla for Møre og Romsdal.

Derimot kan ikkje undersøkinga seie så mykje om årsaker til skilnader mellom kommunane – men vi håper at dette er noko som kommunane sjølve vil legge til grunn for lokalt arbeid.

Det kan her peikast på at folkehelselova (§ 4-7) pålegg kommunane eit ansvar for å fremje helse og trivsel, å skaffe seg nødvendig oversyn over helsetilstanden i kommunen, å ta omsyn til dette i si planlegging og å sette i verk nødvendige tiltak for å møte folkehelseutfordringar. Vi håper at rapporten gjer det lettare for kommunane å identifisere slike utfordringar.

Dei data vi har å byggje på i denne rapporten fortel ikkje om utviklinga over tid. Dette kan vere muleg å få til seinare i nye prosjekt.

I denne undersøkinga har ikkje elevar frå seinare årstrinn i vidaregåande skule vorte tekne med etter avgjerd ved kvar einskild skule, så på dette punktet har vi ingen data. Ved revisjon av undersøkingsopplegget kan dette eventuelt vurderast særskilt.

Om denne rapporten

Forskar Lars Jørgen Vik er hovudforfattar av rapporten. Han fekk 13. november 2013 tilgang til dei siste data frå innsamling av Ungdata hausten 2013, og har deretter utarbeidd rapporten. Eit førsteutkast vart distribuert til dei samarbeidande aktørane 25. november 2013 og kommentarane som kom inn har deretter vorte teke omsyn til ved slutføringa av rapporten ved årsskiftet 2013/2014. Det har vorte kortare tid på å skrive rapporten enn det som hadde vore ønskjeleg og føresett i tidsplanen. Men på den andre sida vil ferskare resultat kunne vere meir relevante for brukarar.

Datamaterialet omfattar 270 variablar og denne rapporten er det presentert data i form av ca 75 figurar og tabellar. For dei fleste framstillingane er det kommunar som er samanlikna, men i nokre samanlikningar er tabellane ordna etter alder (klassetrinn), og i nokre få samanlikningar er elevane delte etter kjønn. Lars Jørgen Vik har laga eit metodisk refleksjonsnotat som interesserte kan få ved førespurnad.

Vidare forskning og bruk i undervisning

Høgskule- og forskingsmiljøet ved Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda vil i tida framover kunne nytte materialet til eigne analysar og prosjekt. Å ha lett tilgang til

forskningsdata av god kvalitet er ein viktig føresetnad for å kunne utvikle nye forskingsprosjekt som til dømes doktorgradsprosjekt, og naturlegvis for å kunne drive forskningsbasert undervisning, særleg på mastergradsnivå. Aktuelle tema for framtidige prosjekt kan vere samanhengen mellom idrett, fysisk aktivitet og folkehelse, årsaker til minkande deltaking i organisert idrett gjennom ungdomsåra og aukande deltaking i treningsstudio.

Når data i tillegg er henta frå vår eigen region opnar det for nye samarbeidsformer mellom høgskule og region om kunnskapsutvikling på området sosialt arbeid, idrettsarbeid og friviljug organisering. På lang sikt opnar Ungdata-undersøkinga også for å gjere samanlikningar over tid. Etter planen skal undersøkinga gjennomførast på nytt 3-6 år etter første runde med datainnsamling, noko som kan seie korleis utviklinga går i eigen kommune – og nabokommunar. Det kan også vere muleg å kople data frå dette prosjektet med tidlegare undersøkingar av ungdom i regionen, men om det er muleg å få til eit prosjekt på dette området er uklart i dag.

Sentrale personar i prosjektet:

Lars Jørgen Vik, tidlegare forskar ved Høgskulen i Volda har analysert data frå undersøkinga på oppdrag frå Høgskulen i Volda og er hovudforfattar av denne rapporten. Desse personane har utgjort styringsgruppa for prosjektet:

- Sigrí Spjelkavik, rådgivar folkehelse, Møre og Romsdal fylkeskommune
- Bjørn Oskar Haukeberg, dagleg leiar, Sunnmøre Fotballkrets
- Erlend Thorup, rådgjevar, KORUS Midt Norge
- Johann Roppen, FoU-rådgjevar, Høgskulen i Volda
- Lars Jørgen Vik, forskar, Høgskulen i Volda

Anne-Merete Halpern og Svein Neerland (Møre og Romsdal fylkeskommune), Rita Valkve og Paul Gabor (KoRus Midt Norge) har også delteke i delar av arbeidet med planlegging av prosjektet. NOVA har vore ein velviljug samarbeidspartnar både i utforming av spørjeskjemaet og når det gjeld tilgang til data frå prosjektet.

Kontaktpersonar i NOVA har vore Lars Roar Frøyland og Mira Aaboen Sletten.

Kontaktperson for generelle spørsmål ved rapporten er Johann Roppen ved Høgskulen i Volda: FoU@hivolda.no

Lemgo (Tyskland) / Volda

31. desember 2013

DEL 1.

2. PRESENTASJON AV MATERIALET GRUNNMODULEN I UNGDATA

2.1 Datagrunnlaget

Høgskulen i Volda fekk ein spss-datafil med resultat frå undersøkinga den 28. oktober, 2013. Denne filen inneheldt data frå fem av dei seks kommunane som hadde Møre og Romsdal pakken inkludert i undersøkinga. Den 13. november fekk vi så datafilen for den sjette kommunen, Hareid. Tabellen viser kor mange respondentar det var i kvar av kommunane, fordelt på skulenivå.

Tabell 1 Innhald i tilsende datafilar.

| Kommune | Ungdomsskule | | Vidaregåande | | Totalt |
|----------|--------------|--------|--------------|--------|--------|
| | Respondentar | Svar % | Respondentar | Svar % | |
| Vanylven | 140 | 92 | 41 | 82 | 181 |
| Sande | 95 | 86 | | | 95 |
| Volda | 318 | 93 | 157 | 85 | 476 |
| Ørsta | 329 | 89 | 134 | 85 | 463 |
| Giske | 290 | 87 | | | 290 |
| Hareid | 175 | 94 | | | 175 |
| Total | 1.347 | | 332 | | 1.680 |

*) Svarprosenten er oppgitt av KORUS/NOVA i powerpoint-presentasjonar til kvar einskild kommune.

Som vi ser av tabellen er elevar frå vidaregåande skule inkluderte i materialet for tre av kommunane, nemleg Vanylven, Ørsta og Volda. For at vi skal kunne gjennomføre meningsfylte samanliknande analysar mellom kommunane, må vi gjere kommunane samanliknbare med omsyn til elevsamansetjinga. Derfor er det berre ungdomsskuleelevane, 1.347 elevar, vi inkluderer i grunnlagsmaterialet i dei tilfella vi gjer samanlikningar mellom kommunane. I denne samanhengen vil vi også minne om at den vidaregåande opplæringa er interkommunal. Det inneber at elevane på dei

vidaregåande skulane har bustad ikkje berre i vertskommunen til skulen, men også i andre kommunar. Når det gjeld tabellar og grafiske framstillingar som ikkje inneheld samanlikning mellom kommunane, utgjer totalmaterialet i tabellen ovanfor, 1.680 elevar, grunnlaget for oppsettet.

Kjønnsfordelinga mellom elevane på dei seks skulane framgår av tabellen nedanfor.

Tabell 2 Fordeling på kjønn, prosent.

| Kommune | Gutar | Jenter |
|----------------|--------------|---------------|
| Vanylven | 60 | 40 |
| Sande | 60 | 40 |
| Volda | 54 | 47 |
| Ørsta | 47 | 53 |
| Giske | 57 | 43 |
| Hareid | 49 | 51 |

Vi ser av tabellen at kjønnsfordelinga er nokså ulik i dei 6 kommunane. I Vanylven og Sande er prosentandelen gutar på 60, medan det tilsvarande talet for Ørsta er nede i 47. Vi har korkje hypotesar eller forklaring på kva som er årsakene til desse skilnadene.

Tabell 3 Prosentvis fordeling på klasstrinn og kjønn.

| Klasse | Gutar | Jenter |
|---------------|--------------|---------------|
| 8 | 51 | 49 |
| 9 | 52 | 48 |
| 10 | 57 | 43 |
| vg | 53 | 47 |


Vi ser at det er ein litt høgare andel gutar enn jenter på alle klasstrinna. Skilnaden er størst i 10. klasse.

Oppsummering

- Datagrunnlaget for denne rapporten er utfylte elektroniske spørjeskjema som er utfylte av 1.680 elevar frå og med 8. klasse til og med 1. klasse på vidaregåande skule. Desse kommunane var med i undersøkinga: Vanylven, Sande, Volda, Ørsta, Giske og Hareid.
- Der det er gjort samanlikningar mellom kommunane er ikkje elevane frå vidaregåande skule inkludert.

2.2 Livet på skulen


Elevane fekk spørsmål om dei trivst på skulen. Dette spørsmålet hadde fire svaralternativ: "Ja, særst godt", "Ja, nokså godt", "Nei, nokså dårleg" og "Nei, særst dårleg". For å gjere tydeleg korleis svara på dette spørsmålet fordelte seg, sette vi opp den grafiske framstillinga nedanfor. Figuren framstiller kor stor prosentvis andel som svara "Ja, særst godt".



Figur 1 "Trivst du på skulen?" etter kommune. prosentvis andel som svara "Ja, svært godt".

Figuren viser at trivselen, slik den kjem til uttrykk gjennom svaret på spørsmålet ovanfor, er klart betre på voldaaskulane enn i dei andre kommunane. Skilnaden mellom høgast og lågast rangert kommune (Giske) er forholdsvis stor, på heile 19 prosentpoeng.


Vi analyserte det same spørsmålet etter klassenivå, og på det grunnlaget sette vi opp figuren nedanfor.



Figur 2: "Trivst du på skulen?" etter klassetrinn. Prosentvis andel som svara "Ja, svært godt".

Den grafiske framstillinga viser tydeleg at trivselen er klart best mellom elevane i 8. og i 1. klasse vidaregåande. Skilnaden ned til trivselsnivået i 9. klasse er forholdsvis stor.


Elevane fekk også dette spørsmålet: "Alt i alt, kor nøgd er du med dei karakterane du fekk?" Det var tre svaralternativ, desse: "Særs nøgd", "Passe nøgd" og "Ikkje nøgd". Figuren nedanfor framstiller i prosent kor stor andel som svara "Særs nøgd".



Figur 3 "Alt i alt, kor nøgd er du med dei karakterane du fekk?" Etter kommune. Prosentvis andel som svara "Særs nøgd".

Vi ser av figuren at kommunane fell i to hovudgrupper når det gjeld svara på dette spørsmålet. Vanylven- og Sandeelevane er klart betre nøgde med karakterane sine enn elevane i dei andre kommunane. Giske-elevane er minst nøgde.


Den same variabelen som i figuren ovanfor analyserte vi også i høve til klassenivå, og søylediagrammet nedanfor viser resultatet.



Figur 4 "Alt i alt, kor nøgd er du med dei karakterane du fekk?" Etter klassenivå. Prosentvis andel som svara "Særs nøgd".

Diagrammet viser stor skilnad mellom elevar på dei ulike klassetrinna med omsyn til kor nøgde dei er med karakterane sine. Det er ein nesten dobbel så stor andel av elevane i 8. klasse som har kryssa av for "Særs nøgd" som i 10. klasse.


Ved hjelp av spørjeskjemaet vart også visse aspekt av elevane sitt åtferdsmønster kartlagt. Dette spørsmålet vart stilt: " Har du gjort eller opplevd noko av dette det siste året - dei siste 12 månadane?" Figuren nedanfor gjengir kor mange prosent som hadde gjort noko/vore skuldige i det som er nemnt i tabellen i venstre kolonne i figuren minst ein gong.



Figur 5 "Har du gjort eller opplevd noko av dette det siste året?" Ein eller fleire gonger. Prosentvis fordeling

I figuren kan vi lese mellom anna dette: Ein større andel av Hareidselevane har vore i krangel med ein lærar enn elevane i dei andre kommunane. Elevane i denne kommunen er også dei som hyppigst svarer at dei har vore kalla inn til rektor, og det er der den største andelen elevar har skulka.

Vi undersøkte også dette spørsmålet mot klassetrinn, og på det grunnlaget sette vi opp søylediagrammet nedanfor. Tala ved søylene i diagrammet er eit uttrykk for den prosentvise andelen som hadde opplevd noko av dette det siste året.



Figur 6 "Har du gjort eller opplevd noko av dette det siste året?" Ein eller fleire gonger. Etter klasstrinn. prosentvis fordeling.

Figuren viser eit samansett bilete. Når det gjeld "krangel med ein lærar", ser vi at det først og fremst er 10.-klassingane som er involverte i det. 9.- og 10.-klassingane har opplevd å bli "sendt ut av klasserommet" i om lag same omfang. Å bli kalla inn til rektor skjer like ofte på dei fire klasstrinna. Vi merker oss også at det er elevane i 1. klasse vidaregåande som skulkar mest.

Oppsummering

- Trivselen mellom ungdomsskuleelevane i Volda er klart betre enn i dei andre kommunane i undersøkinga.
- Trivselen er best mellom elevane i 8. klasse og i 1. klasse vidaregåande. Det er stor differanse ned til trivselsnivået i 9. klasse.
- Elevane i 8. klasse er mest nøgd med karakterane sine.
- Ein større del av hareidselevane har vore i krangel med ein lærar enn i dei andre kommunane, og det er også denne kommunen som har størst andel skuleskulkarar.

2.3 Forholdet til foreldre og vener

For å klarlegge kva forhold elevane hadde til foreldra sine, vart dei bedne om å ta standpunkt til nokre påstander, dei påstandane som er lista opp i tabellen nedanfor. For kvar påstand var det fire avkryssingsalternativ, desse: "Høver særst godt", "Høver ganske godt", "Høver ganske dårleg" og "Høver særst dårleg". I tabellen nedanfor er den prosentvise andelen som svara "Høver særst godt" ført opp for dei fem første påstandane. For den siste påstandens vedkomande er prosenten som svara "Høver særst dårleg" ført opp.

Tabell 4 Forholdet til foreldre. Prosentvis andel som har svara "Høver særst godt" etter kommune.¹

| | Van- ylven | Sande | Volda | Ørsta | Giske | Hareid |
|---|---------------|-------|-------|-------|-------|--------|
| Foreldra mine bruker å vite kor eg er, og kven eg er saman med på fritida | 47 | 47 | 55 | 53 | 43 | 54 |
| Foreldra mine kjenner dei fleste av dei venene eg er saman med på fritida | 67 | 68 | 61 | 63 | 52 | 54 |
| Foreldra mine kjenner foreldra til venene mine | 48 | 49 | 33 | 32 | 28 | 29 |
| Foreldra mine stolar på meg | 67 | 59 | 62 | 69 | 57 | 65 |
| Eg stolar på foreldra mine | 76 | 73 | 78 | 78 | 68 | 74 |
| Eg forsøker å halde mesteparten av fritida mi skjult for foreldra mine | 47 | 49 | 51 | 59 | 52 | 56 |

På fem av dei seks variablane i tabellen kjem giskeelevane ut på den enden av variablane som antydgar eit mindre godt forhold til foreldra. Sagt på ein annan måte: Det ser ut som om at elevane i Giske har eit mindre tillitsfullt forhold til foreldra sine enn i dei andre kommunane.

Vi var også interesserte i å sjå på korleis svara på dei spørsmåla som er sette opp i tabellen ovanfor fordelte seg på klassenivå, og vi sette derfor opp tabellen nedanfor. I tabellen er den prosentvise andelen som svara "Høver særst godt" ført opp for dei fem

¹ Med unntak av den siste uttalelsen, der prosenten gjengir "Høver særst dårleg".


første påstandane. For den siste påstandens vedkomande er prosenten som svara "Høver særst dårleg" ført opp.

Tabell 5 Forholdet til foreldre. Prosentvis andel som har svara "Høver særst godt" etter klassenivå.

| | 8. klasse | 9. klasse | 10. klasse | vg |
|---|-----------|-----------|------------|----|
| Foreldra mine bruker å vete kor eg er, og kven eg er saman med på fritida | 55 | 45 | 52 | 40 |
| Foreldra mine kjenner dei fleste av dei venene eg er saman med på fritida | 65 | 58 | 57 | 45 |
| Foreldra mine kjenner foreldra til venene mine | 41 | 30 | 31 | 19 |
| Foreldra mine stolar på meg | 81 | 72 | 70 | 67 |
| Eg stolar på foreldra mine | 68 | 62 | 61 | 57 |
| Eg forsøker å halde mesteparten av fritida mi skjult for foreldra mine | 61 | 54 | 44 | 39 |


Variablane i tabellen ovanfor måler noko ulike aspekt ved "nærleiken" mellom foreldre og born. På alle variablane er det fallande verdier oppetter i klassetrinna, noko som må forståast i retning av at avstanden mellom foreldra og borna aukar. Sagt på ein annan måte: Innhaldet i denne tabellen viser korleis elevane oppover i klassetrinna gradvis stiller seg fritt i høve til livsverda til sine foreldre.

Svar på spørsmålet "Har du avtalte tider du må vere heime om kvelden?" kan også kaste lys over kva slags forhold elevane har til foreldra sine. Svara på dette spørsmålet er gjengitt i figuren nedanfor.



Figur 7 "Har du avtalte tider du må vere heime om kvelden?" prosentvis andel som svara "Ja eg har alltid avtaler om når eg skal kome heim." Etter kommune.


Figuren viser at elevane i Vanylven skil nokså sterkt frå elevane i dei andre kommunane på dette spørsmålet. Der er det 16 prosent som har slik avtale med foreldra sine. Hareid skil seg ut den andre vegen. Der er det heile 44 prosent som har avtale med foreldra sine om når dei skal vere heime om kvelden.



Figur 8 "Har du avtalte tider du må vere heime om kvelden?" prosent-vis andel som svara "Ja eg har alltid avtaler om når eg skal kome heim." Etter klassetrinn.

Som kommentar til tabell 6 skreiv vi: "Samanfattande kan det seiast at innhaldet i denne tabellen viser korleis elevane oppover i klassetrinna stiller seg fritt i høve til livsverda til sine foreldre." Innhaldet i figuren ovanfor understrekar på ein endå meir tydeleg måte dette poenget. Det er ein dobbelt så høg andel av elevane i 8. klasse som svarer "Ja eg har alltid avtaler om når eg skal kome heim" som av elevane i 1. klasse vidaregåande.


Kor restriktive foreldra er med omsyn til deira borns alkoholbruk, kan også, iallfall til ein viss grad, seie noko om korleis forholdet er mellom foreldre og born. Figuren nedanfor seier litt om dette. Den framstiller kor stor prosentvis andel av elevane som svarer "nei" på dette spørsmålet: "Får du lov til å drikke alkohol av foreldra dine?"



Figur 9 "Får du lov til å drikke alkohol av foreldra dine?" prosentvis andel som svara "nei". Etter kommune.

Denne figuren kan gi grunnlag for å meine at foreldra i Vanylven er mindre restriktive enn foreldra i dei andre kommunane når det gjeld bruk av alkohol. Men det er ei noko forhasta slutning, for svaralternativet "veit ikkje" er veldig varierende mellom kommunane. Derfor bør ein ikkje legge for stor vekt på den informasjonen som ligg i denne figuren.


Figuren nedanfor omhandlar det same spørsmålet som ovanfor, om respondentane får lov til å drikke alkohol. Medan figuren ovanfor ser dette i høve til kommune, framstiller figuren nedanfor svara på det same spørsmålet fordelt på klassetrinn.



Figur 10 "Får du lov til å drikke alkohol av foreldra dine?" Prosentvis andel som svarte "nei". Etter klassetrinn.

Vi ser av figuren at foreldre-nei til alkohol vert gradvis mindre hyppig oppover i klassetrinna. Vi ser også at det er eit markert sprang frå 10. klasse til klasse 1. vidaregåande.


Ein sentral variabel for å få innsikt i livssituasjonen til elevane er sjølvsagt familiens økonomi. Undersøkinga spurte ikkje direkte om dette, men spurte kva elevane trudde om dette, ved hjelp av dette spørsmålet: "Har familien din hatt god eller dårleg råd/økonomi dei siste to åra?" Elevane kunne velgje mellom desse svaralternativa: "Vi har hatt god råd heile tida", "Vi har stort sett hatt god råd", "Vi har korkje hatt god råd eller dårleg råd", "Vi har stort sett hatt dårleg råd" og "Vi har hatt dårleg råd heile tida". Figuren nedanfor framstiller den prosentvise andelen av dei som svarte "Vi har hatt god råd heile tida."



Figur 11 "Har familien din hatt god eller dårleg råd/økonomi dei siste to åra?" Etter kommune. Prosentvis andel som svara "Vi har hatt god råd heile tida".

Vi ser av figuren at det er sandeelevane som har mest optimistisk vurdering av sin families økonomi. Deretter kjem vanylvenelevane.

Vi analyserte også svara på spørsmålet ovanfor i høve til klassenivå, om familien hadde hatt god eller dårleg økonomi dei siste to åra, og sette dette opp i figuren nedanfor.



Figur 12 "Har familien din hatt god eller dårleg råd/økonomi dei siste to åra?" Etter klassenivå. Prosentvis andel som svara "Vi har hatt god råd heile tida".


Figuren viser at dei yngste elevane har ei noko meir optimistisk forståing av familiens økonomi enn dei eldre.

Skjemaet hadde også med ein del spørsmål som omhandla temaet vener og venskap. Elevane fekk mellom anna spørsmål om kven og kor mange dei var saman med.

Svaralternativa var: "Ein eller to faste", "Ein eller to faste som ofte er med i ei gruppe med andre ungdommar", "Ein venegjeng som held saman", "Nokså tilfeldig kven eg er saman med", "Er ikkje så ofte saman med jamaldringar".

Det var svært liten skilnad mellom elevane i dei seks kommunane. Vi undersøkte også korleis svarfordelinga på dette spørsmålet var når vi klassifiserte etter klassetrinn. Vi fann at det var liten skilnad også her.

Vi stilte eit spørsmål til om dette temaet, med denne ordlyden: "Har du minst ein ven som du kan stole fullstendig på og kan tru deg til om alt?", med desse svaralternativa: "Ja, heilt sikkert", "Ja, det trur eg", "Det trur eg ikkje" og "Har ingen eg ville kalle vener no for tida. Den grafiske framstillinga nedanfor gjengir dei prosentvise andelane for svaralternativet "Ja, heilt sikkert".




Figur 13 "Har du minst ein ven som du kan stole fullstendig på og kan tru deg til om alt?" prosentvis andel som svara "Ja, heilt sikkert."

Vi ser at det er ein forholdsvis stor skilnad mellom ørstaelevane sin svarprosent (høgast) og den tilsvarande for giskeelevane (lågast), og at elevane i dei fem andre kommunane plasserer seg mellom desse ytterpunkta.

Vi analyserte det spørsmålet som er nemnt ovanfor også sortert etter klassetrinn. Det viste seg at det var liten skilnad mellom dei ulike klassetrinna. Men det var stor skilnad på gutar og jenter. 72 prosent av jentene svara "Ja, heilt sikkert" på spørsmålet "Har du minst ein ven som du kan stole fullstendig på og kan tru deg til om alt?" Den tilsvarande andelen for gutane var 62.

Kva er det som gir status i venneflokket? Det vart stilt eit spørsmålsbatteri for å kartlegge dette, til saman 10 variablar, desse: "Å vere god på skulen", "Å røyke sigarettar", "Å drikke seg full", "Å røyke hasj", "Å vere flink i idrett", "Å ha ein bra utsjånad", "Å vere til å stole på", "Å ha moteriktige klede", "Å vere god til å slåst", "Å vere i opposisjon til vaksne". Dei fem verdiane på desse variablane hadde desse ordlydane: "Aukar statusen mykje", "Aukar statusen litt", "Har inga betyding", "Minkar statusen litt", "Minkar statusen mykje". Det var liten skilnad mellom kommunane på desse variablane, så derfor gjengir vi berre samanlagt-tala i figuren nedanfor, og vi slår

saman verdiane dei to høgaste verdiane "Aukar statusen mykje" og "Aukar statusen litt".



Figur 14 Kva som gir status. Prosentvis andel som svarta "Aukar statusen mykje" + "Aukar statusen litt".

Tabellen viser på ein overtydande måte at den faktoren som i sterkast grad kan gi høg status mellom respondentane våre er at ein er til å stole på. Vi ser også at det å vere god i idrett og ha god utsjånad også kan bety ein del i denne samanhengen. Bruk av rusmidlar er på ingen måte til hjelp for dei som vil betre sin sosiale status, slik elevane i våre seks kommunar ser det.

Vi undersøkte om det var skilnader mellom dei ulike klassetrinna når det gjeld dei variablane som inngår i figuren ovanfor. Vi samanfattar nokre hovudpunkt nedanfor. Tala representerer dei som svarta "Aukar statusen mykje" + "Aukar statusen litt".

Gir det status å -

- - **vere god på skulen?** 57 prosent av 8.-klassingane meinte det, men berre 33 prosent av vg-elevane.
- - **røyke?** 78 prosent av 8.-klassingane meinte at "det minkar statusen mykje". Berre 34 prosent av vg-elevane meinte det.
- - **drikke seg full?** 78 prosent av 8.-klassingane meinte at "det minkar statusen mykje". Den tilsvarende andelen av vg-elevane som meinte det var 18 prosent.
- - **røyke hasj?** 83 prosent av 8.-klassingane kryssa av for alternativet "minkar statusen mykje". 58 prosent av vg-elevane kryssa av for dette alternativet.


- - **vere flink i idrett?** 58 prosent av 8.-klassingane kryssa av for alternativa "aukar statusen mykje" og "aukar statusen litt". Det tilsvarande talet for vg-elevane var 43.
- - **ha ein bra utsjånad?** 47 prosent av 8.-klassingane kryssa av for "aukar statusen mykje" og "aukar statusen litt", 9.-klassingane 54 prosent, 10.-klassingane 62 prosent og vg-elevane 47 prosent.
- - **vere til å stole på?** Prosentandelen som kryssa av for "aukar statusen mykje" varierte mellom 92 og 96 på dei fire klassenivåa.
- - **ha moteriktige klede?** 35 prosent av 8.-klassingane kryssa av for "aukar statusen mykje" og "aukar statusen litt". Dei tilsvarande prosentane for dei andre klassane: 9.-klasse 45 prosent, 10.-klasse 43 prosent og 1.-klasse vg 32 prosent.
- - **vere god til å slåss?** På denne variabelen var det liten skilnad mellom elevane på dei fire klassesetrinna.
- - **vere i opposisjon til vaksne?** 22 prosent av 8.-klassingane meinte at dette "reduerte statusen mykje. Dette var ein dobbelt så stor prosentdel som på dei tre andre klassesetrinna.

Oppsummering

- Det ser ut som om elevane i Giske har eit mindre tillitsfullt forhold til foreldra sine enn i dei andre kommunane.
- 16 prosent av elevane i Vanylven seier at dei har avtale med foreldra sine om når dei skal vere heime om kveldane. I Hareid har 44 prosent av elevane slik avtale.
- Foreldra i Vanylven er mindre restriktive enn foreldra i dei andre kommunane når det gjeld alkoholbruken til borna deira.
- Det er eit markert sprang frå 10. klasse til 1. klasse vidaregåande når det gjeld foreldras aksept for deira borns bruk av alkohol.
- Elevane i Sande har ei meir optimistisk forståing av familiens økonomi enn i dei andre kommunane.
- Ørstaelevane kjem best ut på spørsmålet om dei har ein ven dei kan stole på.
- Ein langt høgare andel av jentene seier at dei har ein ven dei kan stole på enn gutane.

2.4 Tvilsam åtferd

Ei rekkje spørsmål i skjemaet var sette opp for å undersøke i kor stor grad elevane hadde vore involvert i kriminell åtferd, eller i åtferd som nesten er kriminell, eller som iallfall ikkje sømer seg. I den grafiske framstillinga nedanfor gjengir vi, i noko forenkla form resultatata frå eitt av spørsmålsbatteria som gjekk på dette. Dei variablane som var med i dette batteriet var: "Tatt med deg varer frå butikk utan å betale", "Klort eller lugga nokon", "Vore i slåsskamp kor du har brukt slag eller spark", "~~Vore i slåsskamp kor du har brukt våpen (til dømes kniv)~~", "~~Trua til deg pengar eller ting~~", "Drukke så mykje at du har kjent deg tydeleg ruspåverka", "~~Brote deg inn for å stole noko~~", "Stole pengar eller ting frå nokon i familien din", "Stole pengar eller ting frå ein ven eller nær kjenning", "~~Brukt hasj eller marihuana~~", "~~Brukt andre narkotiske stoff~~"². Verdiane på variablane var: "Ingen gonger", "1 gong", "2-5 gonger", "6-10 gonger", "11 gonger eller meir". Figuren framstiller kor stor prosentdel som hadde vore med på aktiviteten "1 gong" eller oftare. Etter som det var liten skilnad mellom kommunane på desse variablane har vi ikkje splitta framstillinga på kommune.




Figur 15 Kor mange gonger har du vore med på dette det siste året? prosentvis andel. Batteri 1.

Figuren viser mellom anna at fysisk strid, eller aktivitet som ligg nær opp til slåsskamp slett ikkje er uvanleg mellom respondentane våre. Ein av fem hadde "klort eller lugga nokon".

² Dei variablane som her er overstreka vert ikkje tatt med i figuren fordi det var så få som hadde vore med på slikt, mindre enn 2 %.

Vi undersøkte også korleis svarfordelinga på dei variablane som er nemnde ovanfor var i høve til klassenivå. Svarfordelinga var svært jamn mellom klassetrinna, med unntak for variabelen "Drukke så mykje at du har kjent deg tydeleg ruspåverka". Søylediagrammet nedanfor viser svarfordelinga på klassetrinn. Figuren framstiller dei som svara at dei ein eller fleire gonger hadde utsett seg sjølve for denne tilstanden.




Figur 16 Påverka av rus. Etter klassetrinn. prosent.

Vi ser av figuren at prosentdelen av dei som svara at dei hadde vore ruspåverka minst ein gong aukar jamt etter som ein beveger seg oppover i klassetrinna, frå 2 prosent i 8. klasse til 40 prosent i vg.

Eit anna spørsmålsbatteri som tok opp nokre andre spørsmål innanfor dette temaområdet er representert av figuren nedanfor. Dei variablane som var med i dette batteriet var: "Med vilje øydelagd eller knust vindauge, busseter, postkasser eller liknande (gjort hververk)", "Pint eller plaga dyr", "Sniffa (til dømes lim)", "Spraya eller tagga ulovleg på veggjar, bygningar, tog, buss eller liknande", "Lurt deg frå å betale på kino, idrettsstemner, buss, tog eller liknande", "Drukke smuglarsprit eller heimebrent", "Vore borte ei heil natt utan at foreldra dine visste kor du var", "Lasta eller kopiert ned filer ulovleg frå nettet", "Vore i kontakt med politiet på grunn av noko gale du har gjort", "Tjuvlånt bil, motorsykel eller moped for å gjøre anna kriminalitet"³. Verdiane på variablane var: "Ingen gonger", "1 gong", "2-5 gonger", "6-10 gonger", "11 gonger eller meir". Figuren framstiller kor stor prosentdel som hadde vore med på aktiviteten minst ein gong. Etter som det var liten skilnad mellom kommunane på desse variablane har vi ikkje splitta framstillinga på kommune. Det same var tilfelle for fordelinga etter klassenivå. Det var liten skilnad.

³ Den sistnemnde variabelen er overstreka fordi det var så liten andel som hadde vore med på slikt at det ville ha vore feil å legge vekt på det, 1 %.



Figur 17 Kor mange gonger har du vore med på dette det siste året? prosentvis andel. Batteri 2.

Innhaldet i denne figuren (og den føregåande) gir eit totalinntrykket av at elevane i vårt materiale i liten involverer seg i kriminelle og andre tvilsame aktivitetar, med eitt unntak: Ein tredjedel av dei hadde lasta ned eller kopierte ulovleg materiale frå internett. Dette indikerer at slik aktivitet vert sett på som legitim, langt på veg allment akseptert, sjølv om det altså er ulovleg.

På spørsmålet "Hender det at du er med på plaging, truslar eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida?" svara 4 prosent av elevane at dei ein gong om månaden eller oftare var med på slik åtferd. Dette spørsmålet vart også retta den andre vegen, kor ofte respondentane sjølv vart utsette for dette. Då var det 10 prosent som svara at dei vart utsette for plaging, truslar eller utfrysing minst ein gong i månaden. At det er eit gap mellom desse svarfrekvensane er neppe uventa, for det er vel ei generell erfaring at dei som plagar andre på ein eller annan måte har ein tendens til å undervurdere effekten av sine gjerningar, eller at dei årsaker seg. Det kan også vere slik at aktivitet som slett ikkje er meint som plaging likevel kan bli oppfatta som nettopp det av offeret.

Elevane fekk også dette spørsmålet: "Har du i løpet av dei siste 12 månadane blitt utsett for noko av det som fylgjer?" Tabellen nedanfor framstiller den prosentvise andelen av respondentane som har vorte utsett for dei nemnde hendingane/overgrepa.

Det var liten skilnad mellom kommunane og klassetrinna på desse variablane. Vi presenterer derfor ikkje resultatata på desse variablane.

Tabell 6 "Har du i løpet av dei siste 12 månadane blitt utsett for noko av det som følger?" prosentvis andel som svara "ein eller fleire gonger".

| | |
|--|----|
| Eg har blitt utsett for truslar om vald | 9 |
| Eg har blitt slått utan å få synlege merker | 14 |
| Eg har fått sår eller skade på grunn av vald utan at eg trengte tilsyn av lege | 6 |
| Eg har blitt skada så sterkt på grunn av vald at det kravde tilsyn av lege | 2 |


Som vi ser viser tabellen mellom anna at 14 prosent av elevane har blitt slått i løpet av det siste året (men utan at det har blitt synlege merke av det). Det kan med god grunn argumenterast for at dette talet er for høgt.

Oppsummering

- Ein av fem elevar hadde "klort eller lugga nokon" i løpet av det siste året.
- Prosentandelen av elevane som hadde drukke så mykje alkohol at dei kjende seg "tydeleg ruspåverka" auka frå 2 prosent til 40 prosent frå 8. klasse til 1. klasse på vidaregåande.
- Elevane er svært lovlydige, men ein av tre har lasta ned eller kopiert ulovleg frå internett.
- 10 prosent svarer at dei har vore utsett for "plaging, truslar eller utfrysing" i løpet av den siste månaden, men berre 4 prosent rapporterte at dei sjølv hadde oppført seg slik overfor andre.
- 14 prosent av elevane svara at dei hadde blitt slått i løpet av det siste året.

2.5 Fritid

Ungdomane fekk dette spørsmålet: "Er du, eller har du tidligare vore med i nokre organisasjonar, klubbar, lag eller foreiningar etter at du fylte 10 år?" Verdiane på søylene på den grafiske framstillinga nedanfor representerer den prosentvise andelen som svara "Ja, eg er med no".




Figur 18 Medlemsskap i foreining? prosent

Vi ser av figuren at heile 70 prosent av respondentane våre i Volda er medlem i ei eller anna foreining. Det er 18 prosentpoengs avstand ned til respondentane i den kommunen der elevane har lågast organisasjonsprosent, nemleg Hareid. For 8., 9. og 10. klasse er organisasjonsprosenten blant elevane på om lag 60, men for vg-elevane er denne på 43.

For å kartlegge i kva slags foreiningar respondentane våre var aktive i, vart dei presenterte for eit spørsmålsbatteri. Batteriet spurde om aktivitet i desse typane av foreiningar/lag: Idrettslag, motorklubb, fritidsklubb/ungdomshus, religiøs foreining, "korps, kor, orkester", kulturskule/musikkskule, "annan organisasjon, lag eller foreining". Svara på spørsmåla vert i konsentrert form framstilt ved hjelp av søylediagramma nedanfor. Spørsmålsbatteriet hadde også med variabelen "deltaking i motorklubb". Men det var så få som hadde vore med på slik aktivitet at vi ikkje fann det relevant å legge fram data for dette.


Idrettslag. Diagrammet nedanfor viser deltaking i idrettslag. Søylene representerer den prosentvise andelen som deltok i slik aktivitet 3 eller fleire gonger siste månad.



Figur 19 Deltaking på aktivitet i regi av idrettslag. Prosentvis andel som deltok 3 eller fleire gonger siste måned.

Vi ser at nivået, når det gjeld idrettsleg aktivitet, var klart høgast blant sandeelevane, og lågast mellom hareidselevane.


Den grafiske framstillinga nedanfor viser korleis deltaking i regi av idrettslag fordeler seg når det gjeld klassenivå. Framstillinga nedanfor omfattar dei som har svara at dei har delteke på arrangement i regi av idrettslag 3 eller feire gonger siste måned.



Figur 20 Aktivitet i regi av idrettslag. Prosentvis fordeling

Vi ser at 56 prosent av 8. klasse-elevane hadde vore med på arrangement i regi av eit idrettslag minst tre gonger i løpet av den siste månaden. Vidare ser vi at aktiviteten går jamt nedover oppover i klassetrinna. I 1. klasse vidaregåande er denne typen aktivitet redusert til halvparten av det han var for 8.-klassingane.


Fritidsklubb/ungdomshus. Diagrammet nedanfor viser deltaking på aktivitet i fritidsklubb/ungdomshus. Søylenes representerer den prosentvise andelen som deltok i slik aktivitet 1 eller fleire gonger siste måned.



Figur 21 Deltaking på aktivitet i regi av fritidsklubb/ungdomshus. Prosentvis andel som deltok 1 eller fleire gonger siste månad. Etter kommune.

Aktiviteten på fritidsklubb ligg blant sandeelevane høgt over nivået i dei andre kommunane. Vi ser at det mellom elevane i tre av dei andre kommunane berre var halvparten så stor prosentvis andel som i Sande som var aktive på fritidsklubb. Vi reknar med at dette har samanheng med korleis tilbodet er organisert og omfanget av det. Elevane i vg deltok i slik aktivitet i mindre grad enn elevane på dei andre klassetrinna.


Religiøs foreining. Diagrammet nedanfor viser deltaking på aktivitet i religiøse foreiningar. Søylenes representerer den prosentvise andelen som deltok i slik aktivitet minst ein gong siste månad.



Figur 22 Deltaking på aktivitet i regi av religiøs foreining. Prosentvis andel som deltok 1 eller fleire gonger siste månad. Etter kommune.

Diagrammet ovanfor viser at den religiøse aktiviteten var størst mellom giskeelevane og hareidselevane, og lågast mellom vanylven- og ørstaelevane. Sande- og voldaelevane kom midt i mellom. Når det gjeld fordeling på klassenivå for deltaking i regi av religiøse foreiningar var skilnadene små.


Korps, kor, orkester. Diagrammet nedanfor viser deltaking i organisert musikalsk aktivitet. Søylenes representerer den prosentvise andelen som deltok i slik aktivitet minst ein gong siste månad.



Figur 23 Deltaking i organisert musikalsk aktivitet. Prosentvis andel som deltok ein eller fleire gonger siste månad. Etter kommune.

Diagrammet ovanfor viser at den musikalske aktiviteten var klart størst mellom sande-, hareids- og voldaelevane, og lågast mellom giske- og ørstaelevane. Mellom 8.-klassingane var det 21 prosent som i løpet av siste månad hadde vore med på eitt eller fleire musikalske arrangement. Mellom 9.-klassingane fall det tilsvarende talet til 14. Mellom 10.-klassingane var deltakingsprosenten på 13, og mellom vg-elevane 12.

Kulturskule/musikkskule. Diagrammet nedanfor viser deltaking i kulturskule/-musikkskuleaktivitetar. Søylenes representerer den prosentvise andelen som deltok i slik aktivitet minst ein gong siste månad.




Figur 24 Deltaking på kulturskule/-musikkskuleaktivitetar. Prosentvis andel som deltok 1 eller fleire gonger siste månad. Etter kommune.

Diagrammet ovanfor viser at deltaking på kulturskule/-musikkskule aktiviteten var ein god del høgare mellom sande- og voldaelevane enn mellom elevane frå dei andre kommunane. 10 prosent av vg-elevane hadde delteke ein eller fleire gonger på denne

typen aktivitet i løpet av den siste månaden. Det var under halvparten av aktivitetsnivået for ungdomsskuleelevane.


Andre organisasjonar, lag eller foreiningar. Diagrammet nedanfor viser deltaking i andre typar lag eller foreiningar enn det som er nemnt ovanfor. Søylene representerer den prosentvise andelen som deltok i slik aktivitet minst ein gong siste månad.



Figur 25 Deltaking på arrangement i regi av andre organisasjonar, lag eller foreiningar. Prosentvis andel som deltok 1 eller fleire gonger siste månad.

Diagrammet ovanfor viser at det var voldaelevane som i størst grad deltok i det som her vert kalla "andre organisasjonar, lag eller foreiningar". Hareidselevane kom på andre plass. Men vi veit ikkje noko om kva slags foreiningar dette er snakk om. Nivået til elevane i dei andre kommunane ser vi ligg på eit noko lågare nivå, frå 23 til 27 prosent. Også i foreiningar av denne typen var aktivitetsnivået mellom vg-elevane lågare enn mellom ungdomsskuleelevane.


I undersøkinga vart det også spurt om kor mange bøker respondentane trudde det var i heimen deira. Figuren nedanfor gir svar på dette spørsmålet. Søylene representerer den prosentvise andelen av som svara at familiane deira hadde meir enn hundre bøker.



Figur 26 Antal bøker i heimen. Prosentvis andel som hadde meir enn 100 bøker. Etter kommune.

Vi ser av figuren at voldaelevane var dei som hadde høgast anslag på kor mange bøker dei hadde i heimen. Sande kom som nummer 2. Det er ein forholdsvis stor avstand ned til dei andre kommunane, på om lag 10 prosentpoeng. Det var ingen skilnad mellom elevane på dei fire klassenivåa når det gjeld denne variabelen.


Elevane vart også spurde om kor mange bøker dei hadde lese den siste månaden. Figuren nedanfor gjengir den prosentvise andelen av elevane som hadde lese minst ei bok i det nemnde tidsrommet, fordelt på kommunar.



Figur 27 "Kor mange bøker har du lese siste måned?" prosentvis fordeling som har lese minst ei bok etter kommune.

Av figuren går det fram at voldaelevane er dei flittigaste boklesarane. Giskeelevane kjem ut som nr 2 på denne rangeringa.


Vi undersøkte også respondentane sin leseaktivitet mot klassetrinn. Sjå den grafiske framstillinga nedanfor.



Figur 28 "Kor mange bøker har du lese siste månad?" prosentvis fordeling som har lese minst ei bok etter klasstrinn.

Figuren viser at leselysta avtar oppover i klasstrinna. Medan det mellom 8.-klassingane var 72 prosent som hadde lese minst ei bok den siste månaden, var det berre 34 prosent mellom elevane i 1. klasse vidaregåande.

Eit viktig føremål med prosjektet var å få kartlagt kva elevane brukte fritida si til. To spørsmålsbatteri vart brukte for å finne det ut. Vi gjengir resultatata frå desse to batteria som særskilde blokker (grafiske framstillingar). Spørsmålet i det første batteriet var slik: "Her blir det nemnt ein del aktivitetar som du kan bruke fritida di på. Tenk tilbake på den siste veka, dei siste 7 dagane. Kor mange gonger har du...?" Variablane var slik som det går fram av figuren nedanfor. Dette var verdiane på variablane: "Ingen gonger", "1 gong", "2-5 gonger", "6 gonger eller meir". Figuren framstiller den prosentvise andelen som hadde utført den aktuelle aktiviteten ein eller fleire gonger.



Figur 29 Fritidsaktivitet, batteri 1. Prosentvis fordeling.


Vi ser at det å hjelpe til heime var den vanlegaste "fritidsaktiviteten", iallfall dersom vi med "vanleg" meiner "den aktiviteten som hadde størst prosentvis andel" utøvarar. Men avstanden ned til fleire av dei andre aktivitetane var ikkje spesielt stor. Det å gå på

kafé og liknande etablissement kom lågast ut, og her var det ein del variasjon mellom kommunane. Variasjonen på tilbodssida er nok hovudforklaringa på det.

På nokre av variablane som er inkluderte i søylediagrammet ovanfor var det ein viss skilnad mellom klassetrinna, meir enn 6 prosentpoeng mellom lågaste og høgaste verdi. Vi omtaler dette i kortform nedanfor.

- På spørsmål om respondentane hadde besøkt ein nabo i løpet av dei siste 7 dagane svara 47 prosent av 8.-klassingane at dei hadde gjort det minst ein gong. Det tilsvarande talet for vg-elevane var 39.
- For alternativet "gått på gatekjøkken, pizzarestaurant, McDonalds eller liknande" var det 36 prosent av 8.-klassingane som kryssa av for at dei hadde gjort det ein eller fleire gonger. 47 prosent av vg-elevane kryssa av for dette.
- 72 prosent av 8.-klassingane svara at dei hadde gjort noko saman med mor og far i løpet av dei siste sju dagane. 56 prosent av vg-elevane svara dette.

Ved hjelp av figuren nedanfor held vi fram med å legge fram data om kva elevane bruker fritida si til. Som nemnt ovanfor vart to spørsmålsbatteri brukte for å finne det ut. Vi gjengir her svara som vart stilte i spørsmålsbatteri 2. Det innleiande spørsmålet i det andre batteriet var identisk med det som vart stilt i det første batteriet, og det var også verdiane på variablane. Namnet på variablane går fram av figuren. Figuren framstiller den prosentvise andelen som hadde utført den aktuelle aktiviteten ein eller fleire gonger i løpet av den siste veka. I likskap med presentasjonen av svara i det første spørsmålsbatteriet har vi ikkje splitta dataframlegginga på kommune, fordi det var liten skilnad mellom dei. Men i den grad det likevel var ein skilnad, vil det verte kommentert etter den grafiske framstillinga.



Figur 30 Fritidsaktivitet, batteri 2. Prosentvis fordeling.

I spørsmålsbatteriet var det med eit spørsmål om kor ofte elevane hadde drive med pengespel. Nesten ingen hadde gjort det, og derfor er ikkje dette alternativet inkludert i den grafiske framstillinga ovanfor.

På svaralternativet "vore heime heile kvelden" var det totalt sett om lag 20 prosent som svara at dei hadde vore heime 6 gonger eller meir den siste veka. Men her var Sande eit unntak. Der var det tilsvarende talet 10 prosent.

Berre 1 prosent, 13 individ, hadde ikkje brukt internett i løpet av dei siste 7 dagane.

69 prosent av 8.-klassingane svara at dei hadde "rusla rundt for å sjå eller handle i butikkar" minst ein gong i løpet av dei siste sju dagane. Det tilsvarende talet for vg-elevane var 75.

Mellom 8.-klassingane var det 26 prosent som kryssa av for at dei hadde "teikna, måla eller skrive dikt" minst ein gong i løpet av dei siste sju dagane. Mellom vg-elevane var det 15 prosent.

56 prosent av 8.-klassingane hadde drive med stell og pass av dyr i den same perioden som er nemnt ovanfor. 49 prosent av vg-elevane hadde gjort det.


Oppsummering

- Elevane i Volda er dei som i størst grad er aktive i foreiningslivet. 70 prosent av dei er med i ei foreining. Den kommunen som har lågast andel på denne variabelen er Hareid, med 52 prosent.

- Ved overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule vert mange elevar "organisasjonspassive".
- 63 prosent av sandeelevane deltok på arrangement i regi av idrettslag tre eller fleire gonger i løpet av siste månad. Den tilsvarande prosenten for den kommunen som lågast ut på denne variabelen er 43, Hareid.
- Andelen av 8.-klassingane som deltok på arrangement i regi av idrettslag var dobbelt så høg som mellom elevane i første klasse på vidaregåande (56 mot 28 prosent).
- 64 prosent av voldaelevane meinte at dei hadde meir enn hundre bøker i heimen. Hareid, Vanylven og Ørsta låg lågast på denne variabelen med 47 og 48 prosent.
- Leselysta avtar oppover i klassetrinna. Mellom 8.-klassingane var det 72 prosent som hadde lese minst ei bok siste månad. Mellom elevane på vidaregåande var den tilsvarande prosenten 34.
- "Å hjelpe til heime" er den mest vanlege fritidsaktiviteten.

2.6 Nærmiljøet


Ein god indikator på kor godt personar trivst der dei bur, kan vere å spørje om dei kan tenkje seg å la borna sine vekse opp der. Og nettopp det har blitt gjort i denne undersøkinga. Figuren nedanfor framstiller svara på dette spørsmålet: "Prøv å sjå føre deg at du ein gong får born. Kunne du tenkje deg å la dine born vekse opp i det nærområdet der du sjølv bur?" Det var fem svaralternativ, desse: "Ja, særst gjerne", "Ja, gjerne", "Korkje ja eller nei", "Nei, helst ikkje", "Nei, ikkje i det heile tatt". Kvar søyle framstiller dei som har kryssa av for eitt av dei to ja-alternativa.



Figur 31 Kunne du tenkje deg at dine born vaks opp her? prosentvis andel ja-svar. Etter kommune.

Figuren viser at vanylvs- og hareidselevane, i langt mindre grad enn dei andre elevane, ynskjer at deira eventuelle born veks opp i heimkommunen. Sande-, volda-, ørsta- og giskeelevane var om lag på linje i dette spørsmålet.

Nedanfor har vi sett opp ein figur som viser kva elevane svara på spørsmålet ovanfor, og sortert svara etter klassenivå.



Figur 32 Kunne du tenkje deg at dine born vaks opp her? prosentvis andel ja-svar. Etter klassetrinn.


Figuren viser at 8.-klassingane er dei mest positivt innstilte til at deira born vekse opp i heimkommunen. I den andre enden av skalaen er vg-elevane. Det er 10 prosentpoengs skilnad mellom ytterpunkta på denne skalaen.

Oppsummering

- Elevane frå Hareid og Vanylven er langt meir skeptisk til å la sine born vekse opp i heimkommunen enn elevane i dei andre kommunane.
- 8.-klassingane er mest positive til å la sine framtidige born vekse opp i heimkommunen. Dei positive haldningane med omsyn til dette vert gradvis svakare opp gjennom klassetrinna.


2.7 Røyking, snusing, rusmidlar

Elevane vart også spurde om dei røykte og brukte snus. Dei fekk desse svaralternativa: "Har aldri røykt/brukt snus", "Har røykt/brukt snus før, men har slutta heilt no", "Røyker/snusar sjeldnare enn ein gong i veka", "Røyker/snusar kvar veke, men ikkje kvar dag", "Røyker/snusar dagleg". 97 prosent av alle elevane svarte at dei ikkje røykte no, og 95 prosent at dei ikkje snuste. Med det meiner vi at dei kryssa av for eitt av dei to førstnemnde alternativane ovanfor. Det var liten skilnad kommunane imellom. Men det var skilnader mellom klassenivåa, noko figuren nedanfor viser. Søylen i diagrammet viser den prosentvise andelen som ha svarta "Snuser/røyker dagleg" + "Røyker/snuser kvar veke, men ikkje dagleg".



Figur 33 Tobakksforbruk. Prosentvis etter klassetrinn.

Figuren viser at tobakksforbruket aukar gradvis opp gjennom klassetrinna, og det aukar mest frå 10. klasse til 1. klasse vidaregåande. Elevane fekk spørsmål om det hender seg at dei drikk alkohol. Figuren nedanfor viser den prosentvise andelen som svarte at dei aldri drikk alkohol.




Figur 34 Bruk av alkohol. Prosentvis andel som svarta at dei aldri drikk alkohol. Etter kommune.

Totalt sett svarta 67 prosent av elevane at dei aldri drikk alkohol. Vi ser at fråhaldsprosenten var høgast i Giske, med 72, men det var ikkje så stor avstand ned til

Sande, Volda og Ørsta. Vanylven kom ut nokså mykje lågare enn dei andre kommunane, med ein fråhaldsprosent på 51.


Figuren nedanfor gjengir fråhaldsprosenten for dei fire klasstrinna i undersøkinga.



Figur 35 Bruk av alkohol. Prosentvis andel som svara at dei aldri drikk alkohol. Etter klasstrinn.

Vi ser av figuren at den prosentvise andelen som svarer at dei aldri drikk alkohol går sterkt nedover oppover i klasstrinna. Medan fråhaldsprosenten i 8. klasse var på 81, fall han heilt ned til 25 prosent mellom vg-elevane.

Elevane fekk også dette spørsmålet: "Dersom du tenkjer spesielt på dei siste 6 månadane, kor mange gonger har du drukke så mykje alkohol at du tydeleg har kjent deg ruspåverka?" Svaralternativa var desse: "Aldri", "Ein gong", "2-4 gonger", "5-10 gonger", "Meir enn 10 gonger". I den grafiske framstillinga nedanfor har vi slått saman svara for alle som har drukke så mykje alkohol at dei tydeleg har kjent seg ruspåverka ein eller fleire gonger.




Figur 36 Berusa i løpet av det siste halvåret? prosentvis andel som svara ja.

I denne grafiske framstillinga får vi stadfesta det funnet som vi gjorde ved hjelp av det forrige spørsmålet, at bruk av alkohol er meir vanleg mellom elevane i Vanylven enn mellom elevane i dei andre kommunane. Heile 17 prosent av respondentane i

Vanylven har drukke så mykje alkohol at dei tydeleg har kjent seg ruspåverka ein eller fleire gonger i løpet av det siste halve året. Det er ein forholdsvis stor avstand ned til elevane i dei andre kommunane.

Vi undersøkte også korleis svara på dette spørsmålet fordelte seg på klassenivå. Resultatet går fram av dette søylediagrammet.




Figur 37 prosentvis andel som har vore ruspåverka siste 6 månader. Etter klassetrinn.

Figuren viser på ein tydeleg måte at bruken av alkohol som rusmiddel tiltar kraftig ved overgangen frå ungdomsskule- til vidaregåande skules nivå. Men det aukar også jamt frå klassetrinn til klassetrinn i ungdomsskulen.

Elevane fekk også dette spørsmålet: "Er det nokon i dine nære omgivnader som drikk alkohol?" I dette spørsmålet var det tre variablar, "far", "mor" og "nære vener", og verdiane var "Ja, dagleg", "Fleire gonger i veka", "Om lag ein gong i veka", "Ein sjeldan gong", "Nei, aldri". Det viste seg at fråhaldsprosenten ("Nei, aldri") er lågast både for mor, far og nære vener i Vanylven. For far og mor er han høgast i Sande, men for nære vener er fråhaldsprosenten høgast i Ørsta.

Svara på dette spørsmålet analyserte vi også på klassenivå, og resultatet vart slik det går fram av figuren nedanfor. Tala i figuren gjengir prosentandelen av elevane som svara "Nei, aldri" på spørsmålet om far, mor og nære vener drikk alkohol.




Figur 38 Fråhaldsprosent for mor, far og nære vener. Etter klassenivå.

Når det gjeld nære vener, så ser vi at fråhaldsprosenten mellom nære vener gradvis blir redusert oppover på klassetrinna, og i takt med at fråhaldsprosenten mellom respondentane også går nedover. Litt av den same tendensen ser vi i respondentane si oppfatning av alkoholvanane til sine foreldre. I takt med at fråhaldsprosenten går ned blant elevane, går han også litt nedover for både far og mor deira, slik respondentane sjølve oppfatar situasjonen. Men her er det nærliggande å tenke seg at det er ein psykologisk mekanisme som verkar inn, projeksjon.


På spørsmål om elevane i løpet av det siste året hadde blitt tilbode hasj eller marihuana, svara 6 prosent av dei at dei hadde blitt det, 97 elevar. Dersom vi ser dette i høve til klassetrinn, vert biletet slik: 3 prosent av 8.-klassingane hadde fått slikt tilbod, 6 prosent av 9.-klassingane, 3 prosent av 10.-klassingane og 14 prosent av elevane i 1. klasse vidaregåande.

Dei vart også spurde om dei ville klare å skaffe seg slikt stoff i løpet av to til tre dagar. 14 prosent trudde det. Her var det stor skilnad mellom kommunane, slik det framgår av figuren nedanfor. Figuren framstiller kor stor prosentvis andel som trur at dei dei kan skaffe seg marihuana eller hasj i løpet av to til tre dagar.



Figur 39 Skaffe deg cannabis i løpet av to til tre dagar? prosentvis andel ja-svar. Etter kommune.

Den grafiske framstillinga viser at det er ein langt større andel (24 prosent) av elevane i Hareid som trur dei kan skaffe seg cannabis på kort tid enn i dei andre kommunane. Det er heile 7 prosentpoeng ned til "nr to", Sande. Fordelt på klassetrinn vart svarfordelinga på dette spørsmålet slik som det går fram av figuren nedanfor.



Figur 40 Skaffe deg cannabis i løpet av to til tre dagar? prosentvis andel ja-svar. Etter klassetrinn.

Vi ser at elevane si vurdering av kor lett det er å skaffe seg cannabis endrar seg sterkt opp gjennom klassetrinna. I 8. klasse er det 8 prosent som trur at dette kan la seg gjere, medan ein tredjedel av elevane i 1. klasse vidaregåande trur dei kan klare dette.


Oppsummering

- Forbruket av snus og røyketobakk aukar gradvis oppover i klassetrinna, og det aukar mest frå 10. klasse til 1. klasse vidaregåande.
- Fråhaldsprosenten mellom elevane er høgast i Giske (72), og lågast i Vanylven (51).
- Fråhaldsprosenten i 8. klasse er 81 og mellom vg-elevane 25.
- Bruk av alkohol som rusmiddel aukar jamt oppover i klassetrinna, med eit markert "sprang" ved overgangen til vidaregåande skule.

- 6 prosent av elevane hadde fått tilbod om cannabis i løpet av det siste året.
- 14 prosent av elevane meinte dei kunne klare å skaffe seg cannabis i løpet av to til tre dagar. Men det var stor skilnad mellom kommunane i så måte, 24 prosent i Hareid trudde det, mot 9 prosent i Giske.

2.8 Nære relasjonar

Elevane fekk også dette spørsmålet: "Tenk deg at du har eit personleg problem og kjenner deg utanfor og trist. Kven ville du snakka med, søkje hjelp hjå?" Variablane var slik det går fram av tabellen. Elevane hadde tre svaralternativ, "Ja, sikkert", "Ja, nokre gonger", "Nei, aldri". Her er det tatt med berre dei som svara "Ja, sikkert".



Figur 41 Kven ville du søkje hjelp frå. Prosentvis andel som svara "Ja, sikkert"

Tabellen gir eit eintydig og klart svar: Det er mor og vener som er dei personane elevane vender seg til for trøyst og støtte når det buttar i mot og livet er vanskeleg. Far spelar ei mindre viktig rolle i slike situasjonar. Dette samsvarer godt med ein klassisk sosiologisk observasjon: Mor har den affektive/emosjonelle rolla i familien, far den instrumentelle rolla. Opp gjennom klassetrinna ser vi ein klart fallande tendens til at elevane går til nokon dersom dei har "eit personleg problem og føler seg utanfor og trist", og dette gjeld i aller sterkast grad for "mor" og "far". Medan 60 prosent av elevane i 8. klasse svara "Ja, sikkert" at dei ville ha gått til mor dersom dei hadde slike problem som nemnt ovanfor, var det berre 42 prosent av 10.-klassingane som svara slik. For fars vedkomande var det tilsvarande fallet frå 40 til 23 prosent. Det var liten skilnad mellom kommunane på denne variabelen.

Oppsummering

- Når livet blir vanskeleg er det først og fremst mor og nære vener elevane søker hjelp og støtte hos.
- Oppover i klassetrinna er det ein klart fallande tendens til at elevane i det heile tatt går til andre med sine problem og utfordringar.

2.9 Psykisk helse


Eit spørsmålsbatteri i skjemaet hadde til føremål å kartlegge den psykiske helsa til elevane. Det vart gjort ved å be dei om å ta standpunkt til utsegnene som er gjengitt i tabellen nedanfor.

Tabell 7 Psykisk helse. Prosentvis fordeling.

| Har du i løpet av den siste veka vore plaga av noko av dette: | Ikkje plaga i det heile tatt | Lite plaga | Ganske mykje plaga | Veldig mykje plaga |
|---|------------------------------|------------|--------------------|--------------------|
| Kjent at alt er eit slit | 36 | 38 | 18 | 8 |
| Hatt søvnproblem | 43 | 36 | 15 | 6 |
| Kjent deg ulukkeleg, trist eller deprimert | 51 | 31 | 13 | 6 |
| Kjent håpløyse med tanke på framtida | 57 | 28 | 10 | 5 |
| Kjent deg stiv eller stressa | 41 | 35 | 19 | 6 |
| Bekymra deg for mykje om ting | 41 | 31 | 20 | 9 |
| Kjent deg einsam | 57 | 26 | 10 | 7 |
| Vore sint og aggressiv | 48 | 36 | 11 | 5 |

Dersom vi slår saman verdiane "Ganske mykje plaga" og "Veldig mykje plaga", ser vi at ein forholdsvis stor prosentvis andel av elevane ikkje har det så godt. Heile 29 prosent, nesten ein tredjedel, meiner sjølve at dei har vore plaga av at dei "bekymrar seg for mykje om ting" den siste veka, og 19 prosent har kjent seg "ulukkeleg, trist eller deprimert".


Den grafiske framstillinga nedanfor framstiller svara på dei variablane som er lista opp i tabellen frammanfor, sortert på klassenivå. Søylen framstiller den prosentvise andelen som har svara "Ganske mykje plaga" og "Veldig mykje plaga".



Figur 42 Psykisk helse og uhelse. Prosentvis fordeling etter klasstrinn.

Av figuren kan vi lese oss til at det skjer ei gradvis forverring etter alle dimensjonane, som er førte opp i figuren ovanfor, oppover i klasstrinna. Men "forverringstakten" blir noko redusert ved overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande skule.

Vi ville undersøke om det var nokon skilnad mellom gutar og jenter i dette spørsmålet. Vi sette opp resultatet i søylediagrammet nedanfor. Søylen framstiller dei som kryssa av for "Ganske mykje plaga" og "Veldig mykje plaga".



Figur 43 Psykisk helse og uhelse. Prosentvis fordeling etter kjønn.

Vi ser av diagrammet at jentene kjem dårlegare ut enn gutane på alle variablane i diagrammet. På nokre av dimensjonane er skilnadene dramatiske. På fleire av variablane er det meir enn dobbelt så stor andel av jentene som har problem enn gutane ("ulukkeleg, trist eller deprimert", "håpløyse med tanke på framtida", "stiv eller stressa", "bekymra deg for mykje" og "kjent deg einsam". Skilnadene er størst på "bekymra deg for mykje", med ein skilnad i prosentpoeng på 27.

Oppsummering

- Det skjer ei gradvis forverring av opplevd livskvalitet oppover i klassetrinna. Men "forverringstakten" vert noko redusert ved overgang frå ungdomsskule til vidaregåande skule.
- Dei kvinnelege elevane har ein klart dårlegare livskvalitet enn dei mannlege elevane.

2.10 Matvanar og fysisk aktivitet

Det elektroniske skjemaet hadde med to spørsmål for å kartlegge matvanane til respondentane og korleis dei opplever måltida. Tabellen nedanfor gjengir resultata for kva elevane svarta når dei vart bedne om å krysse av for kor ofte dei inntok dei måltida som er lista opp. Cellene inneheld den prosentvise fordelinga på svaralternativa.

Tabell 8 Matvanar. Prosentvis fordeling.

| Kor ofte brukar du å ete følgjande i løpet av ei veke? | Sjeldan eller aldri | 1 gong i veka | 2-5 gonger i veka | Kvar dag |
|--|---------------------|---------------|-------------------|----------|
| Frukost | 9 | 4 | 19 | 68 |
| Lunsj/formiddagsmat/niste | 5 | 4 | 30 | 61 |
| Middag aleine | 60 | 20 | 14 | 6 |
| Middag saman med familien | 3 | 4 | 31 | 62 |
| Kveldsmat | 11 | 5 | 33 | 51 |

Vi ser av tabellen at ein forholdsvis stor andel av elevane ikkje et frukost eller lunsj dagleg. Regelmessig tilførsel av mat og drikke er viktig for at elevane skal ha den energien dei treng i løpet av skuledagen.

På spørsmål om respondentane opplevde måltida i familien som "koselege eller trivelege" svarta 89 prosent "ja".

På spørsmål om kor ofte respondentane var så fysisk aktive at dei vart andpustne eller sveitte kryssa 59 prosent av for svaralternativet "Minst tre gonger i veka". 29 prosent svarta "1-2 gonger i veka". Fordi vi ville vite meir om dette, vart elevane presenterte for spørsmålsbatteriet nedanfor. Svaralternativa var "Aldri", "Sjeldan", "1-2 gonger i månaden", "1-2 gonger i veka", "Minst 3 gonger i veka". I tabellen nedanfor har vi slått saman dei to sistnemnde verdiane.


Tabell 9 Kor ofte trener du. Prosentvis fordeling.

| Kor ofte trener du, eller driv med følgjande aktivitetar? | 1-2 gonger i veka eller oftare |
|--|--------------------------------|
| Deltek i idrett og trening på skulen (utanom skuletida) | 50 |
| Trener eller konkurrerer i eit idrettslag | 40 |
| Trener på treningsstudio eller helsestudio | 19 |
| Trener eller trimmar på eiga hand (spring, symjar, sykklar, går tur) | 46 |
| Dansar (som trening) | 11 |
| Er på kampsport eller sjølvforsvarstrening (boksing, karate, kickboksing eller liknande) | 5 |

Vi ser av tabellen at halvparten av elevane deltek i idrett og trening minst ein gong i veka utanom skuletida, og at 40 prosent trener eller konkurrerer i eit idrettslag.

Barn og unge vert tilrådd å nytte minst 60 minutt til fysisk aktivitet kvar dag, alternativt fordelt utover veka. Aktiviteten bør vere variert og intensiteten både moderat og hard. (Folkehelseinstituttet).

Vi analyserte dei idrettslege aktivitetane som er lista opp i tabellen ovanfor med klassetrinn som uavhengig variabel, og på det grunnlaget sett vi opp den grafiske framstillinga nedanfor. Talstorleikane inne i figuren angir kor stor prosentvis andel innanfor kvart skuletrinn som svara "1-2 gonger i veka" eller "Minst 3 gonger i veka.



Figur 44 Kor ofte trenar du. Prosentvis fordeling. Berre elevar som trenar minst ein gong i veka.


Av figuren kan vi lese oss til dette: Aktiviteten innanfor dei to formene for idrettsleg aktivitet som er nemnde øvst i figuren vert om lag halvert frå 8. klasse til 1. klasse vidaregåande. Når det gjeld bruk av treningsstudio vert aktiviteten firedobla, frå 8 prosent til 32 prosent. Om lag halvparten av elevane på ungdomsskulen trener på eigen hand, og omfanget av denne aktiviteten fell til 36 prosent mellom vg-elevane. Dei to formene for idrettsleg aktivitet som er nemnde nedst i figuren vert praktisert i om lag like stort omfang på alle klassetrinna.

Oppsummering

- Ein forholdsvis stor andel av elevane et sjeldan eller aldri frukost (9 prosent) eller lunsj (5 prosent).
- Halvparten av elevane tek del i idrett og trening minst ein gong i veka utanom skuletida.
- Aktiviteten innanfor kategoriane "Idrett og trening på skulen" og "Konkurrerer i idrettslag" vert om lag halvert frå 10. klasse til 1. klasse vidaregåande.

2.11 Lekser og annan aktivitet


Figuren nedanfor gir informasjon om kor mykje tid elevane bruker på leksearbeid.



Figur 45 Tid brukt til leksearbeid. Prosentvis fordeling.

Av figuren kan vi lese at 1/3 brukar $\frac{1}{2}$ - 1 time på lekselesing dagleg, og det er om lag den same andelen som brukar 1-2 timar. 51 prosent av elevane brukar meir enn ein time eller meir dagleg til dette.

For å undersøke om det var skilnader mellom dei ulike klassenivåa når det gjeld spørsmålet om kor mykje tid som går med til leksearbeid, sette vi opp figuren nedanfor. Søyleno representerer den prosentvise andelen av elevane på kvart av klassetrinna som brukte ein time eller meir på skulearbeidet dagleg.



Figur 46 Prosentvis andel som brukte ein time eller meir til leksearbeid etter klassetrinn.

Figuren viser mellom anna at den prosentvise andelen av elevane som brukar ein time eller meir på leksearbeid på ein gjennomsnittsdag er om lag dobbelt så stor mellom 8. klassingane som mellom vg-elevane.

Men elevane er aktive med mange andre ting i fritida si enn berre å arbeide med lekser. Og korleis dei brukar fritida si vart kartlagt ved å stille dette spørsmålet: "Tenk

på ein gjennomsnittleg dag. Kor lang tid bruker du på følgjande:" Dei skulle svare for kvart av desse alternativa: Sjå på TV, Høyre på radio, Høyre på musikk, Lese aviser, Lese teikneseriar, Lese vekeblad, Sjå på filmar/DVD, Spele dataspel/TV-spel, Bruke datamaskin utanom skulen, Lese bøker (ikkje skulebøker). Berre for to av desse aktivitetane fann vi nemneverdig forskjell på klasstrinn, "bruk av datamaskin utanom skuletida" og "høyre på musikk". Mellom 8.-klassingane er det 69 prosent av elevane som brukar datamaskin meir enn ein halv time dagleg, medan det er 91 prosent av vg-elevane som gjer det. 69 prosent av 8.-klassingane høyrer på musikk meir enn ein halv time dagleg. Det tilsvarande talet for vg-elevane er 86. For begge desse variablane kom 9.- og 10.-klassingane mellom desse ytterpunkta.

Oppsummering

- Halvparten av elevane brukar ein time eller meir dagleg til lekselesing.
- Den prosentvise andelen av elevane som brukar ein time eller meir på leksearbeid dagleg er om lag dobbelt så stor mellom 8. klassingane som mellom vg-elevane.

2.12 Framtid og notid


Elevane vart også bedne om å tenke gjennom sin noverande situasjon og også å gjere seg opp nokre tankar om framtida. Svara framgår av tabellen, og tala står for prosentlar.

Tabell 10 Tankar om framtida. Prosentvis fordeling.

| Korleis trur du framtida di vil bli? Trur du at du... | Ja | Nei | Veit ikkje |
|--|----|-----|------------|
| ...nokon gong vil bli arbeidslaus? | 8 | 55 | 37 |
| ...vil kome til å bli buande i Noreg når du er vaksen? | 56 | 9 | 36 |
| ...vil kome til å få eit godt og lukkeleg liv? | 71 | 2 | 27 |
| ...vil oppleve ein omfattande miljøkatastrofe som vil ha verknad på heile verda? | 15 | 33 | 51 |
| ...vil kome til å ta utdanning på universitet eller høgskule? | 59 | 7 | 34 |

Som vi ser er det nokså store "veit-ikkje"-andelar, og det gjer det vanskeleg å tolke tabellen. Vi bør likevel merke oss at 59 prosent trudde at dei vil kome til å ta universitets- eller høgskuleutdanning. Berre 7 prosent svara nei på dette. Vi merker oss også at elevane er store optimistar med tanke på utsiktene til å få eit "godt og lukkeleg liv". 71 prosent svara "ja" på dette. Berre 2 prosent svara "nei".


Elevane fekk også spørsmål om kor mange born dei trudde dei ville kome til å få. Vi splitta materialet etter kjønn, etter som vi tenkte at gutar og jenter kunne ha ulikt syn på dette. Svara på dette spørsmålet fordelte seg slik den grafiske framstillinga nedanfor viser.



Figur 47 Kor mange born får du? Etter kjønn. Prosentvise andelar.

Vi ser at både gutar og jenter ser på 2-3 som den ideale storleiken på barneflokk. Slik sett avspeglar vel desse synspunkta det som er den mest utbreidde storleiken på barneflokkane i dag. Vi merker oss også at det er ein tendens til at jentene trur dei kjem til å få fleire born enn gutane.


Den grafiske framstillinga nedanfor viser kor nøgde elevane er med forskjellige sider ved livet sitt. Det spørsmålsbatteriet som figuren byggjer på hadde desse verdiane: "Særs misnøgd", "Litt misnøgd", "Korkje nøgd eller misnøgd", "Litt nøgd", "Særs nøgd". Grunnlaget for søylene i diagrammet er dei som har svara "Litt nøgd" og "Særs nøgd". Vi har vi splitta dette på kjønn fordi vi tenkte at det kunne vere skilnad på gutar og jenter når det galdt desse variablane.



Figur 48 Syn på ulike sider ved livet. Etter kjønn. Prosentvis andel.

Figuren viser at elevane er godt nøgde med dei fleste aspekt ved livet sitt. Det viser seg at dei er aller mest nøgde med foreldra og venene sine. Og det er liten skilnad på gutar og jenter. Men når det gjeld utsjånaden sin, så stiller saka seg noko annleis. Det var dette elevane var minst nøgde med, og det er som vi ser stor skilnad på gutar og jenter. Jentene er langt mindre nøgde med utsjånaden sin enn gutane. Berre 45 prosent av dei var nøgde med dette. Den tilsvarande prosenten for gutane var som vi ser 66. Det var også ein skilnad på gutar og jenter i vurderinga av helsetilstanden sin. Gutane var meir nøgde enn jentene, 75 mot 70 prosent.

Vi analyserte også desse variablane mot klassetrinn, og resultatet går fram av figuren nedanfor. Søyloene i diagrammet representerer den prosentvise andelen innanfor kvart klassetrinn som kryssa av for "Litt nøgd" og "Særs nøgd"



Figur 49 Syn på ulike sider av livet. Etter klasstrinn. Prosentvis fordeling.

Dersom vi held fokus på dei fire nederste variablane i figuren ovanfor, ser vi at det er ein klar tendens til at elevane vert mindre og mindre nøgde med desse sidene ved livet sitt etter som ein går oppover i klasstrinna. Vi ser vidare at det på dei to øverste variablane i figuren ikkje er nokon nemneverdig skilnad på klasstrinn med omsyn til kor nøgde elevane er. Når det gjeld den tredje variabelen sett ovanfrå, kor nøgde elevane er med skulen sin, ser vi at det er 8.-klassingane og vg-elevane som er mest nøgde.

Oppsummering

- 59 prosent av elevane trudde at dei ville kome til å ta universitets- eller høgskuleutdanning.
- 71 prosent trudde at dei ville kome til å få eit "godt og lukkeleg liv".
- Både gutar og jenter ser på 2-3 born som ein passeleg stor barneflokk.
- Jentene trur at dei vil kome til å få fleire born enn gutane.
- Elevane er godt nøgde med dei fleste aspekt av livet sitt. Men minst nøgde med utsjånaden sin. Jentene er langt mindre nøgde med dette enn gutane.
- Det er ein tendens til at elevane vert mindre og mindre nøgde med fleire sider ved livet sitt etter som dei kjem oppover på klasstrinna.


DEL 2

3. PRESENTASJON AV MATERIALET FRÅ «MØRE OG ROMSDAL PAKKEN»

3.1 Foreldras utdanning

Foreldras utdanning kan ofte vere ein sentral variabel for å forstå livssituasjonen til borna deira. Derfor spurde vi om dette, og vi ga spørsmålet denne ordlyden: "Kryss av for det høgaste utdanningsnivået – set eitt kryss for mor og eitt kryss for far!"


Svaralternativa var slik som det går fram av figuren nedanfor.



Figur 50 Fars og mors utdanning. Prosentvis fordeling.

Vi ser at mødrene til respondentane våre hadde betre utdanning enn fedrane. Det kjem klårast til uttrykk ved å feste blikket på verdien "Universitet/høgskule". Som vi ser hadde 44 prosent av mødrene utdanning på dette nivået, mot 35 prosent for fedrane. Tilsvarande ser vi at ein større andel av fedrane enn mødrene ikkje hadde høgre utdanning enn ungdomsskule.

Vi tenkte at det kunne vere sannsynleg at det var ein viss skilnad når det gjeld utdanningsnivå i kommunane våre, og vi sette derfor opp den grafiske framstillinga nedanfor. Søylene i diagrammet viser den prosentvise andelen av fedrane og mødrene som hadde universitets-/høgskuleutdanning.



Figur 51 Mors og fars høgaste utdanning. Etter kommune. Prosentvis fordeling.


Figuren viser at det er mellom mødrene til volda- og hareidselevane ein finn den største andelen som har universitets- og høgskuleutdanning (52-53 prosent). Vi ser også at mødrene hadde høgare utdanning enn fedrane i alle dei seks kommunane i undersøkinga. Figuren viser også at elevane i Volda, Hareid og Sande er dei kommunane der utdanninga til respondentane sine fedre er høgast (41-42 prosent). For fedrane sin del var det om lag ein dobbelt så høg prosentvis andel som hadde høgskule-/universitetsutdanning i desse kommunane som i den kommunen som ligg lågast på denne variabelen, nemleg Vanylven (21 prosent).

Oppsummering

- Mellom mødrene til volda- og hareidselevane finn ein den største andelen som har universitets- og høgskuleutdanning
- Mødrene hadde høgare utdanning enn fedrane i alle dei seks kommunane i undersøkinga.
- 44 prosent av mødrene og 35 prosent av fedrane til respondentane våre hadde universitets-/høgskuleutdanning.
- Elevane i Volda, Hareid og Sande er dei kommunane der utdanninga til respondentane sine fedre er høgast.

3.2 Trening, idrett og friluftsliv

Det å kartlegge respondentane sine haldningar og aktivitetar til trening og idrett var eit viktig føremål med denne undersøkinga. Derfor stilte vi ei rekke spørsmål innanfor dette temaområdet, dei formene for idrett/fysisk aktivitet som framgår av figuren nedanfor. På variablane kunne respondentane velge mellom desse tre verdiane: "Ja", "Tidlegare, men ikkje no", "Har aldri drive med dette". På søylediagrammet nedanfor representerer søylene den prosentvise andelen av respondentane som har kryssa av for "ja". Vi har splitta svara på dette spørsmålet på klassetrinn. Vi gjer merksam på at respondentane kunne krysse på fleire av variablane (representert ved søylene).



Figur 52 Aktiv form for trening? prosentvis fordeling.

Av søylediagrammet ovanfor kan vi lese oss til at organisert trening i idrettslag går sterkt tilbake frå 8. klasse til 1. klasse vidaregåande. Aktiviteten i 1. klasse på vidaregåande er berre halvparten så stor som i 8. klasse. Men dei vidaregåande elevane er langt meir aktive enn 8.-klassingane når det gjeld bruk av treningscenter. Når det gjeld dei to andre treningsformene, "Uorganisert trening/friluftsliv" og "Held meg i form på andre måtar" ser vi at det er stabilitet klassetrinna i mellom på ungdomsskulenivået, men at det skjer eit fall i aktiviteten i overgangen mellom desse skulenivåa.

For å finne ut kvifor dei som ikkje driv med aktiv trening ikkje gjer det, spurde vi om det. Elevane vart bedne om å svare på dette ved å krysse av på 8 variablar, dei som er lista opp i tabellen nedanfor, og som hadde desse verdiane: "Særs viktig", "Litt viktig", "Ikkje viktig". I tabellen har vi tatt med berre dei som kryssa av for "Særs viktig".

Tabell 11 Grunn til at du ikkje driv med aktiv trening? prosentvis fordeling for dei som svara "særs viktig".

| | 8. klasse | 9. klasse | 10. klasse | vg |
|--|-----------|-----------|------------|----|
| Eg har andre interesser | 29 | 37 | 35 | 36 |
| Eg har ikkje tid | 16 | 22 | 23 | 20 |
| Eg skulle gjerne trene, men kjem aldri i gong | 22 | 26 | 29 | 35 |
| Eg har ikkje funne ei treningsform som høver for meg | 21 | 21 | 23 | 19 |
| Eg får mosjon på andre måtar (går, sykklar og liknande) | 34 | 39 | 31 | 22 |
| Eg er i for dårleg form | 7 | 13 | 13 | 18 |
| Foreldra mine vil ikkje at eg skal bruke tid til trening | 7 | 10 | 6 | 4 |
| Eg er ikkje flink i sport/idrett | 18 | 22 | 16 | 16 |

Vi ser av tabellen at det var forholdsvis liten skilnad i grunngevingane for ikkje å trene mellom respondentane på dei fire klassetrinna. Skilnadene, 8. klasse samanlikna med vg, var størst på variabelen "Eg skulle gjerne trene, men kjem aldri i gong" og "Eg får mosjon på andre måtar".

På tilsvarande måte vart elevane spurde: "Dersom du ikkje trenar i eit idrettslag, kva er grunnen til det?" Elevane vart bedne om å vurdere kvart av utsegnene og krysse av for enten "Særs viktig", "Litt viktig", "Ikkje viktig". I tabellen har vi tatt med dei som kryssa av for "Særs viktig" + "Litt viktig".

Tabell 12 Grunn til at du ikkje trener i eit idrettslag? prosentvis fordeling for dei som svara "Særs viktig" og "Litt viktig". Rangert frå høgst til lågast.

| | |
|---|----|
| Eg vil ikkje forplikte meg til faste treningar | 49 |
| Eg har aldri vore flink i sport | 46 |
| Trenarane brydde seg berre om dei flinkaste | 45 |
| Eg har aldri vore interessert i idrett | 44 |
| Kjenner meg ikkje heime saman med dei som trener i idrettslag | 42 |
| Treningstidene passa ikkje for meg | 42 |
| Ingen av venene mine trener i idrettslag | 36 |
| Eg likte ikkje trenarane | 35 |
| Det er for dyrt | 28 |
| Idrettsanlegget er for dårleg | 27 |
| Eg liker ikkje folk som driv med idrett | 18 |
| Foreldra mine vil likar ikkje at eg er med i et idrettslag | 15 |

Vi ser av tabellen at verdien "Særs viktig" + "Litt viktig" vart oftast kryssa av på variablane "Eg vil ikkje forplikte meg til faste treningar", "Eg har aldri vore flink i sport" og "Trenarane brydde seg berre om dei flinkaste". Det var liten skilnad mellom kommunane og mellom klassetrinna på dei variablane som inngår i tabellen ovanfor.

For å kartlegge elevane sine noverande og tidlegare idrettslege aktivitetar, stilte vi dette spørsmålet: "Har du dei siste to åra sjølv deltatt i desse idrettsaktivitetane?", og med "desse idrettsaktivitetane" var det meint dei som er opplista i tabellen nedanfor. Dei som kryssa av for at dei hadde delteke i den aktuelle idrettane inngår i tabellen. Det vart gjort merksam på at ein kunne gi fleire svar for kvar idrettsaktivitet.

Tabell 13 Deltaking i ulike idrettsaktivitetar. Prosentar.

| Idrettsaktivitet | Organisert trening og konkurransar i idrettslag | Uorganisert trening / fritidsaktivitet | Har slutta med dette i løpet av dei to siste åra | Har aldri drive med dette |
|---|--|---|---|----------------------------------|
| Fotball | 42 | 14 | 21 | 21 |
| Handball | 14 | 6 | 15 | 54 |
| Ski (langrenn, alpint, brett eller andre) | 7 | 39 | 8 | 37 |
| Friidrett | 6 | 12 | 12 | 58 |
| Sykling | 6 | 37 | 4 | 43 |
| Skyting | 5 | 11 | 6 | 66 |
| Symjing | 5 | 19 | 9 | 56 |
| Turn, Rytmask Sportsgymnastikk, dans | 9 | 8 | 10 | 61 |
| Volleyball | 6 | 14 | 6 | 63 |
| Bryting, kampsport (judo, karate eller andre) | 4 | 3 | 7 | 72 |
| Styrketrening, helsestudio, kroppsbygging | 8 | 28 | 6 | 49 |
| Andre idrettar og fysiske aktivitetar | 11 | 29 | 7 | 41 |

Etter som elevane kunne sette av fleire kryss for kvar aktivitet, må tabellen lesast slik, dømme: 42 prosent av elevane spelte fotball i form av "organisert trening og konkurransar i idrettslag", 58 prosent gjorde det ikkje. 14 prosent av elevane spelte fotball i form av "uorganisert trening/fritidsaktivitet" og 86 prosent gjorde det ikkje, osv.

Vi ser at fotball er den suverene "vinnaren" av dei idrettslege aktivitetane som er lista opp i tabellen. Heile 42 prosent spelte fotball i organiserte former i eit idrettslag. Nr 2 i tabellen, organisert handballaktivitet, var det berre 14 prosent som var aktive med.

For å få eit endå meir tydeleg svar på det spørsmålet som vart stilt i tabellen ovanfor, stilte vi også dette: "Om du har vore aktiv innanfor fleire idrettar – kva idrett har du brukt mest tid på dei siste to åra? Set eitt kryss".

Tabell 14 Kva idrett har du brukt mest tid på? prosentvis fordeling.

| Idrettsaktivitet | Har brukt mest tid på denne idretten |
|---|---|
| Fotball | 43 |
| Handball | 9 |
| Ski (langrenn, alpint, brett eller andre) | 6 |
| Friidrett | 2 |
| Sykling | 6 |
| Skyting | 3 |
| Symjing | 3 |
| Turn, Rytmask Sportsgymnastikk, dans | 7 |
| Volleyball | 4 |
| Bryting, kampsport (judo, karate eller andre) | 3 |
| Styrketrening, helsestudio, kroppsbygging | 6 |
| Andre idrettar og fysiske aktivitetar | 9 |

Den informasjonen som ligg i denne tabellen stadfester det som kom fram i den førre tabellen. Fotball er den idretten som den største andelen av elevane brukar mest tid på, 43 prosent, og avstanden ned til handball er svært stor.


Vi undersøkte også korleis "karrieren" utvikla seg gjennom klassetrinna med omsyn til dette spørsmålet. Men berre dei to hyppigaste formene for idrett som er nemnde i tabellen ovanfor, fotball og handball, hadde mange nok avkryssingar til at analyser er forsvarlege. Sjå tabellen nedanfor.

Tabell 15 "Kva idrett har du brukt mest tid på?" Fotball- og handballkarrierer. Prosentvis andel.

| | 8. klasse | 9. klasse | 10. klasse | vg |
|----------|------------------|------------------|-------------------|-----------|
| Fotball | 50 | 42 | 42 | 36 |
| Handball | 10 | 12 | 7 | 8 |

Tabellen viser at medan det var 50 prosent av elevane i 8. klasse som svarta at fotball var den idretten dei brukte mest tid på, så var den tilsvarande andelen for vg-elevane nede i 36. For handballidretten ser vi at utviklinga var noko ujamn.

Når det gjeld fotball var det ein viss skilnad kommunane i mellom. Det går fram av figuren nedanfor. Figuren framstiller prosentandelen som har kryssa av for at fotballspel har vore den idretten vedkomande har brukt mest tid på dei siste to åra.



Figur 53 Prosentvis andel som angir fotball som viktigaste idrett. Etter kommune.

Figuren viser at det var store skilnader kommunane i mellom med tanke på kor stor prosentandel av elevane som hadde kryssa av for at fotball hadde vore den idretten som ein hadde brukt mest tid på dei siste to åra. Det var ein dobbelt så høg prosentandel som kryssa av for dette i Sande (74 prosent) som i Ørsta (37 prosent).

Vi bad også respondentane om å vurdere kvaliteten ved ulike sider ved den/dei aktivitetane som dei hadde vore med på eller som dei var aktive med no. Det vi ba dei om å vurdere er lista opp i tabellen nedanfor. Spørsmålet var forma slik: "Gi di vurdering av idretten du har brukt mest tid på dei siste to åra, også om du har slutta med idretten". Svaralternativa var "Høver svært godt", "Høver ganske godt", "Høver ganske dårleg" og "Høver særst dårleg". Cellene i tabellen nedanfor uttrykker den prosentvise andelen som har svarta "Høver svært godt" og "Høver ganske godt".

Tabell 16 Kvalitet på idrettslag og treningar. Prosentvis fordeling som svara "Høver svært godt" og "Høver ganske godt". Etter klassetrinn.

| | 8. klasse | 9. klasse | 10. klasse | Vg. skule | Endring |
|--|-----------|-----------|------------|-----------|---------|
| Trenarane i klubben var gode på idretten | 88 | 87 | 85 | 81 | -7 |
| Trenarane i klubben var flinke til å engasjere alle i treningsgruppa | 85 | 83 | 80 | 74 | -9 |
| Foreldra var flinke til å støtte opp om laget | 86 | 83 | 79 | 76 | -10 |
| Vi hadde mange kjekke turar og reiser | 70 | 67 | 68 | 60 | -10 |
| Vi hadde for få treningar | 40 | 31 | 29 | 29 | -11 |
| Det var lett å kome til idrettsanlegget | 84 | 79 | 80 | 74 | -10 |
| Utøvarane viste god innsats på treningane | 86 | 83 | 83 | 81 | -5 |
| Vi fekk god informasjon om trening, kamp/konkurrans og andre arrangement | 86 | 84 | 81 | 77 | -9 |
| Treningstidene passa bra i høve til lekser og andre aktivitetar | 83 | 75 | 73 | 65 | -18 |

Hovudintrykket ein sit igjen med etter lesinga av denne tabellen er at vurderingane av dei idrettane respondentane har vore med på, eller driv med i dag, vert gradvis mindre positive opp gjennom klassetrinna. Den variabelen som hadde størst fall er den sistnemnde i tabellen, "Treningstidene...". Vi ser at det der var eit fall på 18 prosentpoeng, og fleire av dei andre variablane hadde eit fall på rundt 10 prosentpoeng.

Tabellen nedanfor gir informasjon om elevane sitt forhold til ulike former av friluftsliv. Spørsmålet som ligg til grunn for svarfordelinga i denne tabellen var slik: "Kor ofte brukar du å gjere følgjande ting? Tenk på den tida på året då det er sesong for dei ulike aktivitetane." Tala i gir uttrykk for den prosentvise andelen i kvar kommune som driv med dei opplista friluftaktivitetane ein eller fleire gonger i månaden.

Tabell 17 Friluftsliv. Prosentvis fordeling. Etter kommune

| | Vanylven | Sande | Hareid | Volda | Ørsta | Giske |
|--------------------------------------|----------|-------|--------|-------|-------|-------|
| Går på skitur i fjell, skog og mark | 51 | 46 | 77 | 54 | 46 | 46 |
| Går på fottur i fjell, skog og mark | 65 | 65 | 45 | 69 | 59 | 60 |
| Drar på fisketur | 53 | 51 | 27 | 40 | 41 | 38 |
| Overnattar i telt ute i naturen | 17 | 14 | 19 | 15 | 18 | 12 |
| Padlar kano eller kajakk | 15 | 30 | 25 | 17 | 19 | 11 |
| Driv med klatring | 27 | 19 | 14 | 9 | 14 | 8 |
| Går på lokale turstiar og turstinett | 16 | 28 | 24 | 26 | 19 | 15 |
| Driv terrengsykling eller stisykling | 18 | 26 | 22 | 13 | 17 | 13 |
| Driv turkassetrim | 10 | 19 | 10 | 8 | 12 | 5 |


Tabellen viser, ikkje uventa, at det å gå på tur i "fjell, skog og mark" er den mest vanlege formen for friluftsliv. Men vi ser også at det er forholdsvis store skilnader kommunane i mellom. Respondentane i Hareid ser ut til å vere dei mest turivrige vinters tid, medan elevane i Volda, Vanylven og Sande går mest på tur om sommaren.

Oppsummering

- Organisert trening i idrettslag går jamt og sterkt tilbake frå 8. klasse til 1. klasse vidaregåande.
- Den viktigaste grunnen til at respondentane ikkje vil trene i idrettslag er at dei ikkje vil forplikte seg til faste treningar, at dei aldri har vore interessert i idrett og at dei trur at trenarane berre bryr seg om dei flinkaste.
- 42 prosent av elevane spelte organisert fotball.
- Mellom 8.-klassingane svara 50 prosent av elevane at fotball var den idretten dei brukte mest tid på. Den tilsvarande prosenten for elevar i 1. klasse vidaregåande var 36.
- Vurderingane av dei idrettane respondentane har drive med, eller driv med vert gradvis mindre positive opp gjennom klassetrinna.

3.3 Skulevegen

Den grafiske framstillinga nedanfor gir informasjon om korleis elevane kjem seg til skulen.



Figur 54 Skulevegen. Prosentvis framstilling.


Vi ser at det er forholdsvis store skilnader kommunane i mellom med tanke på korleis elevane kjem seg til skulen. Medan 58 prosent av vanylvslevane reiser med buss til skulen, er det berre om lag ein tredjedel så mange av voldaelevane som gjer det (20 prosent). Vi ser også at 43 prosent av giskeelevane syklar til skulen, men mellom ørstaelevane er det berre 13 prosent som gjer det. Forklaringa på desse skilnadene ligg sjølvsagt i folkesetnads- og skulestrukturen

Dersom ein ser på totalen, alle kommunane under eitt viser det seg at buss er den mest vanlege måten for å kome seg til og frå skulen, og å gå er den nest mest vanlege. Det er ein litt større andel som går frå skulen enn som går til skulen, og også ein større andel som tar buss frå skulen enn som tar bussen til skulen. Forklaringa på dette er at

mange blir køyrde til skulen av foreldra, og at dei kjem seg heim på annan måte, enten ved å gå eller ta bussen.

Litt over halvparten av elevane brukar mindre enn 15 minutt på skulevegen, og 90 prosent mindre enn ein halv time.

Figuren nedanfor framstiller kor lang tid elevane brukar på skulevegen, sortert etter kommune. Tala i cellene uttrykkjer den prosentvise andelen av elevane som fell innanfor dei tre ulike tidskategoriane.



Figur 55 Tid brukt på skulevegen. Prosentvis fordeling.


Innanfor den nederste kategorien, "30 minutt>", på den grafiske framstillinga ovanfor ser vi at det er hareidselevane som har høgast prosentandel. 68 prosent av dei fell i denne kategorien. Sande elevane kjem best ut når det gjeld lengda på skulevegen, målt på denne måten. 42 prosent av dei kjem i denne kategorien.

Oppsummering

- Å ta buss er den mest vanlege transportmåten til og frå skulen. 36 prosent av elevane reiser med buss til skulen. 39 prosent tar bussen heim.
- 90 prosent av elevane brukar mindre enn ein halv time til skulen.

3.4 Tenner og tannhelse

På spørsmål om elevane hadde fått informasjon eller rettleiing om korleis dei skulle ta vare på tannhelsa si når dei hadde vore hos tannlegen, svarta 91 prosent at dei hadde fått det. Det var svært små skilnader kommunane i mellom når det gjaldt dette. 96 prosent av elevane svarta at dei pussa tennene sine ein gong dagleg eller meir, og 3 prosent 2 – 3 gonger i veka. Det var også nokre som svarta at dei "sjeldan eller aldri" pussa tennene sine, 10 personar, ca 1 prosent. Også her var det svært liten forskjell kommunane i mellom. Når det gjaldt bruk av tanntråd, var det ein viss skilnad kommunane imellom. Sjå den grafiske framstillinga nedanfor. Respondentane kunne velgje mellom desse svaralternativa: "Sjeldan eller aldri", "1 gong pr veke", "2-3 gonger pr veke", "1 gong pr dag eller meir".



Figur 56 Bruk av tanntråd. Prosentvis andel som svarta "1 gong pr. dag eller meir".


Tabellen viser at sande- og giskeelevane er dei flittigaste brukarane av tanntråd, og at ørstaelevane brukar tanntråd minst. Dersom ein ser alle elevane under eitt, viser det seg at 55 prosent av elevane sjeldan eller aldri brukar tanntråd, eller sagt på ein annan måte: 45 prosent brukar tanntråd ein gong pr veke eller oftare.

Oppsummering

- 91 prosent av elevane svarta at dei hadde fått rettleiing om korleis dei skulle ta vare på tannhelsa si når dei hadde vore hos tannlegen.
- 72 prosent av elevane svarta at dei pussa tennene sine to gonger dagleg eller meir.
- 10 elevar, ca 1 prosent, svarta at dei sjeldan eller aldri pussar tennene sine.
- 45 prosent av elevane brukar tanntråd ein gong i veka eller oftare.

3.5 Kultur og kulturtilbod

Søylediagrammet nedanfor framstiller respondentane sin bruk av ulike kulturtilbod. Spørsmålet som ga grunnlag for diagrammet var slik: "Kor ofte har du gjort følgjande ting i løpet av den siste månaden, dei siste 30 dagane? Kor mange gongar har du vore...." Tala ved søylene framstiller den prosentvise andelen som har vore deltakar på eitt av dei arrangementa som er lista opp i diagrammet ein eller fleire gonger i det nemnde tidsrommet.




Figur 57 Bruk av kulturtilbod. Prosentvis andel som har nytta tilbodet minst ein gong. Etter kommune.

Vi ser av figuren at nokre av kulturtilboda vert nytta i svært ulik grad kommunane i mellom. Medan 19 prosent av elevane i Giske og Ørsta har vore på diskotek i løpet av den siste månaden, er det heile 71 prosent av elevane i Vanylven som har vore på eit slikt arrangement. Også når det gjeld kinobesøk er det stor skilnad kommunane i mellom, 21 prosentpoeng skil kommunen med lågast deltaking (Sande) frå kommunen med størst deltaking (Ørsta og Volda).

Dersom ein ser alle kommunane under eitt, viser det seg at det å gå på kino er den klart mest populære kulturelle aktiviteten til respondentane våre. 57 prosent hadde vore

på kino minst ein gong siste månad. Å vere tilskodar på idrettsarrangement var også populært. 51 prosent hadde vore på slikt arrangement i løpet av den same perioden.


Neste grafiske framstilling gir ein oversikt over nokre andre kulturelle aktivitetar. Spørsmålsstillinga likna ein del på den som vart stilt til i den føregåande figuren. Spørsmålsstillinga var slik: "Kor ofte har du gjort følgjande ting i løpet av det siste året, dei siste 12 månadene? Kor mange gongar har du vore på...." Tala ved søylene framstiller den prosentvise andelen som har vore deltaker på eitt av dei arrangementa som er lista opp i diagrammet ein eller fleire gonger i det nemnde tidsrommet.



Figur 58 Kulturell aktivitet siste år. Prosentvis fordeling. Etter kommune.

Vi ser at den kulturelle aktiviteten "ferietur" er den mest vanlege av dei kulturiltaka som er nemnde i tabellen. Dersom ein ser alle kommunane under eitt var det 77 prosent av respondentane som hadde vore med på eit slikt kulturelt tiltak i løpet av det siste året. Ein forholdsvis stor andel hadde også vore med på pop- eller rockekonsert. Elles ser vi at det var visse skilnader kommunane i mellom. Volda-respondentane kjem høgast ut i fleire av arrangementsgruppene, teater/revy (saman med Ørsta), klassisk konsert (saman med Sande), pop/rockekonsert og ferietur.

Til slutt vart elevane bedne om å gi uttrykk for kva dei meinte om kulturtilbod i skuletida. Det vart gjort ved å be dei om å ta standpunkt til dei påstandane som er nemnde i den grafiske framstillinga nedanfor. Tala ved søylene angir prosentandelen som svara "Heilt samd".



Figur 59 Vurdering av kulturtilbod. Prosentvis andel som svara "Heilt samd".

Dersom vi ser respondentane samla sett, under eitt, er det 43 prosent, som seier seg heilt samd i at dei tilboda som har vorte gjevne har passa godt på elevens klasstrinn. Men som vi ser av figuren er det nokså stor skilnad kommunane i mellom. 50 prosent av ørstaelevane syntest at dei kulturtilboda dei hadde opplevd i skuletida passa godt for det klasstrinnet dei var på. Den tilsvarende presenten for vanylvslevane var 30.

Samla sett var 68 prosent av alle elevane som svara "Heilt samd" på spørsmålet om det var fint å få oppleve dei kulturtilboda som er nemnde i figuren i skuletida. Men også på denne variabelen var det visse skilnader. Også på dette spørsmålet var det voldaeelevane som svara mest positivt, 75 prosent svara altså "Heilt samd".

Vanylvslevane kom svakast ut på denne variabelen også, med 57 prosent som svara "Heilt samd".

Oppsummering

- Kinobesøk er den klart mest populære kulturelle aktiviteten til respondentane våre. 57 prosent hadde vore på kino minst ein gong siste månad.
- To tredeler av elevane synest det er fint at ein får konsertar, teater, utstillingar og liknande i skuletida.
- 43 prosent av elevane sa seg samde i at dei kulturelle tilboda dei hadde fått i skuletida var godt tilpassa elevens klasstrinn.